

StadMag

Vinter 2023

Eit magasin om kommunen sine tenester og tilbod

**Eit livskraftig og trygt
samfunn der vi alle
dreg i lag**

Samfunnsmål

STAD

Våre verdiar

Nær
Raus
Heilhjarta
Skapande

Med ønske om

**Gode liv for
store og små
gjennom heile livet**



Stad
kommune

“ Stad kommune er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.



Tenester og tilbod i Stad kommune

I dette landet bur vi alle i ein kommune, og det er kanskje det vi har til felles som innbyggjarar. Men kommunane er svært ulike då storleik, geografi, demografi, kultur og naturgrunnlag gir svært ulike vilkår for både økonomisk handlingsrom og løysingar på ulike utfordringar. Ein kommune omkransar heimstaden vår og skapar fellesskap mellom folk, men vi har gjerne ulikt forhold til den ut frå kva vi treng av tenester og tilbod. Det er gjerne dei unge og dei eldste som har mest nærbond til tenestene, men alle er vi avhengige av kommunen sitt ansvar for infrastruktur både når det gjeld veg, vatn og avløp, og ikkje minst hjelp til brann og redning og helsetenester. Det er heller ikkje berre som enkeltindivid vi er avhengige av ein velfungerande kommune. Vilkåra for næringslivet og kulturlivet blir også påverka av kommunen sine tenester og tilnærmingar til oppgåver og behov.

Dei nasjonale politiske målsetjingane er at det skal bu folk i heile landet, og der folk bur skal det også vere likeverdige tenester innanfor mange ulike livs- og samfunnsområde. Ambisjonen er levande lokalsamfunn med bulyst, arbeidsplassar, gode tenester og framtidstru! Vi er eit sentralstyrt land der nasjonale myndigheter delegerer myndigkeit og oppgåver til kommunar og fylkeskommunar gjennom lover som blir vedtekne av Stortinget. Tanken er at det lokale nivået som er nær folk og utfordringane ofte er dei beste til å sjå korleis ting bør løysast lokalt. Vi har derfor eit kommunestyre som

har ansvar for omfattande og samansette oppgåver, og som skal ta i vare innbyggjarane og lokalsamfunna våre. Eit levande lokaldemokrati er bærebjelken i samfunnet og bidrar til at vi tar ansvar for både noverande og framtidige behov på alle livsområde.

Kommunestyra i landet vårt har fått delegert omfattande oppgåver og plikter. Om lag 150 lover og 1000 paragrafar styrer kommunen si daglege verksemد og gir mynde og plikter. Kommunestyret delegerer oppgåver til administrasjonen som så får ansvar for ulike tenesteområde, og kommunedirektøren har det overordna personalansvaret for dei tilsette. Dette ansvaret er igjen delegert til leiarane for einingane. Vi ønskjer gjennom dette magasinet å fortelje om korleis vi har organisert oss for å kunne gi gode og forsvarlege tenester og tilbod basert på både nasjonal og lokal prioritering.


Vi har no vore Stad kommune i snart fire år, og vi har nett-opp valt eit kommunestyre for neste fire-års periode. Vi har bygd opp ein heilt ny organisasjon som fungerer godt. Kommunebarometeret rangerte oss på 25. plass i Noreg, så det viser at vi står oss godt samanlikna med andre. Kommunen har nedfelt ein visjon i kommuneplanen sin samfunnsdel om å vere «verdas beste vesle stad», og vi har eit samfunnsmål som seier at «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der alle dreg i lag». Vi arbeider for at denne visjonen skal vere

Åslaug Krogsæter, avtroppende kommunedirektør og Kristine Dahl, kommunedirektør i Stad kommune frå 1. desember 2023.

●	Helse og omsorg	6
	Institusjonane	10
	Heimetenesta	12
	Helseeininga	14
	Bu- og miljøtenesta	22
	Interkommunal legevakt	24
	NAV	28
●	Kultur og samfunn.....	32
	Plan og forvaltning	36
	Kommunalteknikk	38
	Brann, redning og førebygging	40
	Eigedom	42
	Kultur	44
●	Oppvekst og opplæring	52
	Barnehage	56
	Skule	62
	Opplæring og integrering	70
	Barnevern	71
●	Adm. og stabseining	72
	Personal og kommunikasjon	74
	Strategi og samordning	78
	Økonomi	80

levande for alle tilsette, og at vi skal leve verdiane våre om å vere nære, rause, skapande og heilhjarta. Det som kjeneteiknar dei fleste tilsette er at dei er i nærtkontakt med menneske kvar einaste dag, og det er derfor viktig at vi arbeider for at dette blir gode møte heilt uavhengig av om behovet er helse, opplæring eller næringsverksemد.

- Åslaug Krogsæter



Utgjeve av Stad kommune.

www.stad.kommune.no

Magasinet vert distribuert til alle husstandane i kommunen.

Framsidefoto: Helle Frogner.

Foto: Stad kommune, Jørn Arne Tomasdard, Camilla Monsen, Helle Frogner, Steinar Engeland, Joakim Vedvik.

Design: Byrr AS

KORT OM

Stad kommune

Stad kommune er den største arbeidsplassen i kommunen med rundt 1000 tilsette. - Eit mangfald av små og store oppgåver innanfor dei ulike kommunalområda skal løysast på alle nivå og innanfor alle tenestene. Kvar dag - året rundt er medarbeidarar i Stad kommune på jobb for at Stad kommune skal vere ein god og trygg stad å bu!

Helse og omsorg

Kommunalområdet for Helse og omsorg omfattar legeteneste, helsestasjon, fysio- og ergoterapi, heimetenester, sjukeheim og omsorgsbustader, interkommunale helsetenester, psykisk helse og rus, og tenester for funksjonshemma.



Kultur og samfunn

Kommunalområdet femner breitt og har einingane, plan og forvalting, eigedom, kommunalteknikk, brann og redning, og kultur.





Oppvekst og opplæring

Kommunalområdet jobbar for å sikre at barn i Stad kommune har ein trygg oppvekst med gode levekår og tenester. I kommunalområdet ligg einingane for barnehage, grunnskule, barnevern og opplæring og integrering.



Leiing, stab og støtte

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektøren, assisterande kommunedirektør, kommunalsjefane og dei tre stabseiningane økonomi, personal og kommunikasjon, og strategi og samordning.



God helse og
omsorg for alle,
uansett alder

Helse og omsorg



Barbro Longva, kommunalsjef

“ Alt i samfunnet påverkar helsa vår. Det er derfor viktig med ein samla innsats for å fremme helse

Helse i alt vi gjer

Kommunalområdet Helse og omsorg har ansvar for at alle som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester. Kommunen ønsker at alle innbyggjarane skal få flest mogeleg gode leveår, og at sosial ulikskap i befolkninga vert mindre.

Helse og omsorg er organisert i seks einingar og omfattar kommunale helse- og omsorgstenester som helsestasjon, lege, frisklivskoordinator, fysio- og ergoterapi, dagaktivitetstilbod, heimetenester, barneavlastning, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, psykisk helse- og rustenester, NAV, habilitering- og rehabiliteringstenester, institusjonstenester og interkommunale helsestenester.

Helse og omsorgstenestene skal, med utgangspunkt i langsigktig og heilsakapleg planlegging, rammer, kompetanse og fleksibel bruk av ressursar, arbeide for å gje innbyggjarane riktige tenester på riktig nivå.



Helse i kvardagen

Alt i samfunnet påverkar helsa til innbyggjarane, og helsa vert påverka gjennom heile livet. Det er derfor viktig at heile samfunnet deltek i innsatsen for å skape eit samfunn som fremjar helse i heile livsløpet.

Kommunen skal legge til rette for god helse gjennom å førebyggje og behandle sjukdom, og sikre likeverdige moglegheiter for helsefremjande aktivitet. Kommunen har viktige roller i å legge til rette for at innbyggjarane tek gode val for helsa si, og for at aktørar i lokalsamfunnet kan bidra aktivt i arbeidet med å fremje helse.

Den nye kommunedelplanen for helse og omsorg er bygd opp rundt å skape berekraftige helse- og omsorgstenester ved å mobilisere ressursane i samfunnet til å fremje helse i alt vi gjer.

Kvar enkelt av oss kan sjølv vere saman med og ta i mot støtte frå familie og vener. Sosial støtte bidreg til at vi

toler belastningar betre. Den psykiske og den fysiske helsa heng saman. Å ha sunne levevanar og drive med aktivitetar som vi likar, er derfor bra for oss.

Livskvalitet handlar om alt frå glede, meining, engasjement og lukkekjensle, til økonomi, buforhold og deltaking i samfunnet.

Å oppleve tryggleik, fellesskap, utvikling og moglegheit til å påverke er viktig for livskvaliteten. Heilt uavhengig av den enkelte sin helsetilstand, er livskvalitet med på å bidra til å fremme helse, sunne levevanar og styrke motstandsrafta i møte med belastningar i livet. Livskvalitet er positivt for både helsa og levealderen til den enkelte og for familielivet, arbeidslivet og samfunnet. Å skape god livskvalitet krev at den enkelte tek ansvar for å vere aktør i eige liv.



Kommunalområdet Helse og omsorg har seks einingar med om lag 360 årsverk og 560 tilsette.

Tilbod og tenester

Institusjonane

Seljetunet omsorg og rehabilitering
Hogatunet bu- og behandlingssenter

Heimetenesta

Base Nordfjordeid,
Selje/Stadlandet, Bryggja

Helseeinininga

Legekontor på Eid og i Selje
Helsestasjon på Eid og i Selje
Fysio- og ergoterapi
Frisklivssentralen
Velferdsteknologi

Interkommunale helsetenester

Legevakt v/Nordfjord sjukehus

Bu- og miljøtenesta

Lærings- og aktivitetssenter
Omsorgsbustader og avlastning
Psykisk helseteam

Lærings- og aktivitetssenter

Hove
LA-senteret
Vår sin butikk

Omsorgsbustadar og avlasting

Kvia
Gjerdane
Myroldhaug
Elvebøen
Reidahaugen
Høgebakkane

Kommunale helse- og omsorgstenester

Framover vil ein større del av innbyggjarane bestå av eldre. Dette vil føre til ein auka etterspurnad etter helse- og omsorgstenester samstundes som tilgangen på arbeidskraft i yrkesaktiv alder minkar. Dette gjeld både nasjonalt og lokalt.

I Stad kommune skal vi framover arbeide for å sikre berekraftige helse- og omsorgstenester som tilfredsstiller innbyggjarane sine behov for nødvendig helsehjelp og omsorg.

Eit viktig mål er at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg. Oppgåvene må løysast på nye måtar i framtida. Ein føresetnad for å få dette til vil vere at tilsette og innbyggjarane i Stad kommune har kultur og haldningar som fremjar eigenomsorg, meistring og brukarmedverknad - og at vi nyttar mogelegheita og ressursane som finst i nærmiljøet og i sosiale nettverk.

Standard for tildeling av tenester

Kommunen har eit eige sakshandsamarteam som handsamar alle søknader om helse- og omsorgstenester i kommunen. Teamet jobbar på vegne av heile communalområdet. Dette sikrar likebehandling og at tenestere blir gitt på eit riktig nivå ut frå behov.

Stad kommune sin tenestestandard skildrar omfanget og innhaldet i ei teneste. Den seier også noko om formålet med tenesta, målgruppa og vilkåra for tildeling.

Tenestestandard for helse og omsorgstenester i Stad kommune (skann QR-kode):



Les om alle einingane, tilbod og tenester

“ Godt å kjenne at
ein gjer ein forskjell



Institusjonane

Behov for omfattande og døgnkontinuerleg hjelp

Stad kommune har to sjukeheimar, Hogatunet bu- og behandlingssenter på Nordfjordeid og Seljetunet omsorg og rehabilitering i Selje. Desse har tilbod om langtids-, korttids- og avlastingsopphald.

Langtidsopphald vert tildelt til tenestemottakarar som har eit omfattande og døgnkontinuerleg hjelpebehov som ikkje kan ytast på forsvarleg måte i eigen heim.

Korttidsopphald er heildøgns pleie og omsorg som vert tildelt i ein avgrensa periode. Tenestemottakar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg vert kartlagt for å vurdere behovet for framtidige tenester og tiltak som gjer at tenestemottakar kan halde fram med å bu i eigen heim.

Mål for avlastingsopphald er å avlaste personar og familar med særleg tyngjande omsorgsarbeid, slik at tenestemottakar kan bu lengst mogeleg heime. Avlastinga er tidsav-grensa.

I avdelingane arbeider dei tilsette i team som består av både erfarte og nyttilsette medarbeidarar. Sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar arbeider i alle avdelingane. Det er til ei kvar tid både lærlingar og studentar i praksis i avdelingane.

Institusjonane har tett samarbeid med Nordfjord opplæringskontor, vidaregåande skular og høgskular.

Gode pasientforløp

Institusjonane er med i satsinga Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp i regi av KS og Folkehelseinstituttet. Denne satsinga byggjer på rammeverket "Helhetlig pasientforløp i hjemmet".

Kva som er viktig for den enkelte er retningsgjevande for oppfølginga. Bebuarane får primær- og sekundærkontakte som følgjer opp gjennom samtaler og samarbeid under opphaldet.

Det gode måltidet, aktivitetar, personleg stell, sovn og flytning er viktig for livskvalitet og livsglede. Gjennom samarbeid med frivillige, besøksteneste, barnehagar, tilbod om andakt og kulturelle aktivitetar blir det skapt gode opplevelingar for bebuarane.



Heilskapleg pasientforløp. Sjå og møte tenestemottakar sine ønskjer og behov for helsehjelp

Hogatunet

Hogatunet bu- og behandlingssenter ligg ved Myroldhaug på Nordfjordeid. Institusjonen har fire avdelingar for langtidsopphald og ei for korttids- og avlastingsopphald. To avdelingar er tilrettelagde for bebuarar som treng skjerming. Den nye og moderne delen av Hogatunet har fire avdelingar, lege- og tannlegekontor og treningsrom. Den gamle delen av Hogatunet inneheld ei avdeling, institusjonskjøken og dagaktivitetssenter.

Kjøkenet lagar varm og næringsrik mat til bebuarane kvar dag og kokar også til bufellesskap Bryggja og Fossevegen. Dei lagar også middag til heimebuande og samarbeider med frivillige om matombringing.

Dagaktivitetssenteret for heimebuande med diagnose demens er lokalisert i den gamle delen av Hogatunet. Tilboden skal bidra til ein trygg og aktiv kvardag, førebyggje einsem og gje avlasting til pårørande.



Seljetunet

Seljetunet ligg i utkanten av Selje sentrum, nær Selje helsecenter, base for heimetenesta og frisklivssentralen i Selje. Seljetunet har fire avdelingar for langtidsopphald, der den eine avdelinga er spesielt tilpassa bebuarar med behov for skjerming. Institusjonen har også ei avdeling for avlasting og korttidsopphald og to avdelinger med bemanna omsorgsbustadar.

Bygget har eige treningsrom der fysio- og ergoterapeuttenesta gir tenester til bebuarane.

Seljetunet har eige institusjonskjøken som også leverer middag til heimebuande i ytre del av Stad kommune og måltid til bebuarar i omsorgsbustader på Flatebø og Fredly.

Kjøkenet har vore med i eit Livskvalitetsprosjekt med fokus på matglede, næringsrik og heimelaga mat for bebuarane og legg stor vekt på dette i det daglege arbeidet.

Fakta om

Samla tal institusjonsplassar i Stad:

Langtidsopphald: Hogatunet 42 plassar, Seljetunet 25 plassar.

Korttidsopphald: Hogatunet 10 plassar, Seljetunet 6 plassar.

Heildøgnspophald: Seljetunet bufellesskap har 16 bemanna omsorgsbustadar.



**Heidi
Munch Starheim**
Einingsleiar

Hogatunet bu- og behandlingssenter

Institusjon: 46,22 årsverk fordelt på 74 tilsette + 15-20 tilkallingsavtalar for helgar og ferie.

Kjøkken: 5,17 årsverk / 9 tilsette.

Dagsenter 0,84 årsverk / 2 tilsette.

Seljetunet omsorg og rehabilitering

Institusjon: 30,51 årsverk fordelt på 47 tilsette + tilkallingsavtalar for helgar og ferie.

Bufellesskap: 9,86 årsverk / 13 tilsette.

Kjøkken: 3,7 årsverk / 4 tilsette.

Heimetenesta

Trygt og godt i eigen heim

Å bu heime lengst mogleg er noko dei fleste ønskjer. Med nye måtar å jobbe på og betre tilrettelegging for dei eldre i heimen, er heimetenesta eit satsingsområde for framtida. Målet er å gje dei eldre hjelp til å oppretthalde god helse og livskvalitet – og fridomen som dei har hatt tidlegare.

Heimetenesta i Stad kommune består av tre geografiske område som samarbeider tett om å yte tenester i private bustadar og i kommunale omsorgsbustadar. Avdelingane utgjer eit stort fagmiljø og fellesskap på tvers. Saman arbeider tenesta for at innbyggjarane sine behov blir tekne i vare.

Heimetenesta har brukaren i sentrum og arbeider for at den enkelte kan vere mest mogleg sjølvhjelpt. Det å vere sjølvhjelpt er viktig både for å kjenne meistring og oppretthalde god helse.

For dei tilsette er det godt å hjelpe innbyggjarane som treng omsorg i eigen heim. Heimetenesta arbeider med å gjere kvardagen til brukarane lettare slik at dei kan få meir fridom og kjenne auka livskvalitet.

Heimetenesta har brukarar i alle aldersgrupper og med mange ulike behov. Dei tilsette gir derfor mange ulike tenester. Det kan vere alt frå medisinskfagleg oppfølging, oppfølging av medisinteknisk utstyr, ernæring og stell.

Tenesta arbeider tett med fysio- og ergoterapitenesta. Gode hjelpemiddel og alternative løysingar kan bidra til at brukarane kan meistre kvardagen i eigen heim.



Fakta om

Heimetenesta har 115-150 tilsette fordelt på 75 årsverk.

Tre avdelingar

- Nordfjordeid
 - Selje/Stadlandet
 - Bryggja
- 4 personalbasar

- Sakshandsamarteam for helse og omsorg
- Tenester til heimebuande
- Tenester til fire bufellesskap med 50 plassar


Målet er å gje dei eldre hjelp til å oppretthalde god helse og livskvalitet – og fridomen som dei har hatt tidlegare

I tillegg til dagleg drift av tenester, arbeider heimetenesta i Stad kommune målretta med med tenesteutvikling og løysingar for framtidas heimebaserte omsorg. Eitt viktig satsingsområde er velferdsteknologi.

Heimetenesta er ei livsviktig teneste for mange av innbyggjarane våre. Å jobbe i heimetenesta er variert og utfordrande, meiningsfullt og kjekt. Som tilsett i heimetenesta må ein ha lyst å arbeide med folk, gje av seg sjølv, vere pliktoppfyllande og fleksibel.



„På vegen for hjelp, tryggleik og støtte 24/7





**Linda
Gotteberg**
Einingsleiar

● Fakta om

Legetenesta

Eid legekontor
Selje legekontor
9.180 fastlegeplassar
12 fastlegeheimlar og ei LIS-stilling (lege i spesialisering)
7 tilsette helsepersonell ved Eid legekontor
4 tilsette helsepersonell ved Selje legekontor

Helsestasjon

Helsestasjon Eid, rådhuset Nordfjordeid
Helsestasjon Selje, Selje helsesenter
Til saman 8 tilsette

Fysio- og ergoterapitenesta

2 ergoterapeutar
4 fysioterapeutar / 3,8 årsverk
Frisklivssentralen, 2 koordinatorar / 0,6 årsverk
Velferdsteknologi, 1 rådgjevar / 0,8 årsverk

Helseeininga

God helse i alle livsfasar

Eining for helse tilbyr helsetenester til innbyggjarane.

Målet vårt er at alle innbyggjarane i Stad kommune skal ha gode helsetenester.

Dei tilsette i eininga arbeider både helsefremjande og førebyggjande og dei behandlar og følger opp pasientar ved legekontora og i fysio- og ergoterapitenesta.

Eininga tilbyr mellom anna rettleiingskurs for foreldre, tema-dagar for eldre, frisklivsarbeid, kurs i kvardagsglede, velferdsteknologi, digital heimeoppfølging, rehabilitering og rehabilitering.



Ergo- og fysioterapi

Fysioterapeutane tilbyr undersøking og tiltak for dei som har utfordringar med rørsle og aktivitet. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Dei vurderer og gir støtte til opptrening og rehabilitering av vaksne og eldre heime og på institusjon. Dei tilpassar og følgjer opp bruk av tekniske hjelpemiddel og rettleier brukarar, pårørande og anna helsepersonell.

Ergoterapeutane gir tilbod til alle aldersgrupper som på grunn av skade, sjukdom, funksjonsvanskar eller anna har vanskar med å meiste kvar-dagen. Dei gir råd om tilpassing av bustad og følger opp bruk av tekniske hjelpemiddel. Vidare arbeider dei med rehabilitering, funksjonsvurdering og ulike tiltak i daglelivet som fremjar aktivitet og deltaking.

Fysio- og ergoterapeutane gir tenester både individuelt, i grupper og i samarbeid med andre tenester.

Det vert årleg arrangert temadagar til alle som fyller 75 år. Målet er å gi kunnskap om tiltak som kan gi god helse og ein tryggare kvardag i alderdomen. På temadagen får dei inviterte informasjon om kommunen sine tenester, velferdsteknologi, kosthald, førebygging av fall og råd om tilpassing av bustad.

Fysioterapeutane og ergoterapeutane gir også tenester til barn og unge. Tenesta samarbeider tett med foreldre, helsestasjon, fastlege, barnehage, skule, spesialisthelsetenesta og andre for å gi barna best moglege vilkår for ei god utvikling.

Berit Heien Heggen
er avdelingsleiar ved
fysio- og ergoterapitenesta
i Stad kommune.



”

Helsefremjande og
førebyggjande tiltak





Velferdsteknologi

I møte med både alderdom og sjukdom kan teknologi trygge og bidra med praktisk hjelp. Velferdsteknologi er derfor eit godt hjelphemiddel som kommunane arbeider med å breie ut.

Stad kommune har dei siste åra delteke i prosjektet «Velferdsteknologi» i regi av Helsedirektoratet, og har no innført teknologiske hjelphemiddel som ein del av den heimebaserte tenesta. Tilbodet vert nytta som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak i eit tett samarbeid mellom brukar, pårørande, heimetenesta og tenesta for fysio- og ergoterapi, som har ansvar for tilbodet.

Velferdsteknologien styrker folks evne til å klare seg sjølv i kvar dagen og fremjar sjølvstende og eigenmeistring. Teknologien kan også fungere som støtte til pårørande og elles bidra til å betre kvalitet på tenestetilbodet og auke tryggleiken for dei eldre. Kommunane sparar ressursar og er meir effektive i arbeidet.

Velferdsteknologi kan bidra til å dosere medisin og kan fange opp endringar i pasienten sin tilstand slik at dei kan få rask hjelp. Stad kommune tilbyr elektronisk medisineringsstøtte ved hjelp av multidosedispsenserar som varsler om når det er tid for å ta medisin.

Lokaliseringsteknologi (GPS) er særleg aktuelt for personar med lett demens eller annan kognitiv svikt. GPS-teknologien kan både varsle personar om kor dei er og hjelpe andre med å lokalisere personane. Digitale tilsyn med til dømes døralarmar eller rørslesensorar og digital heimeoppfølging gjennom eigenmålingar og nettbrett, er også løysingar som gjer oppfølginga meir effektiv og betre for både brukar og tenestene.



“
Eit aktivt liv
for eit godt liv

Frislivssentralen

Frislivssentralen er eit tilbod til innbyggjarar som treng hjelp og motivasjon til å endre fysisk aktivitet, kosthald og tobakksbruk. Målet er betre helse og auka livskvalitet. Tilboden er for alle som ønskjer å endre livsstil eller som har eller står i fare for å utvikle livsstilsjukdommar.

Du treng ikkje vere sjuk eller ha ein diagnose for å kome i kontakt med frislivssentralen. Tilboden skal vere eit lågterskelt tilbod og er gratis for alle.

Tilboden går over 12 veker og startar og sluttar med ein helseamtale. Tilboden inneholder individuell rettleiing om fysisk aktivitet, kosthald og tobakk, gruppertilbod for fysisk aktivitet, tilrettelegging for å prøve ut nye aktivitetar og rettleiing i eigenaktivitet.

Frislivssentralen er plassert både på Nordfjordeid og i Selje. Fastlege, anna helsepersonell og NAV med fleire kan tilvise deg til frislivssentralen, men innbyggjarar kan også ta direkte kontakt med frislivskoordinator om ein er interessert i å ta del i tilboden.

Frislivssentralen har to frislivscoordinatorar, ein i ytre og ein indre del av kommunen.

Kontaktperson Eid:
pia.kvernevik@stad.kommune.no

Kontaktperson Selje/Bryggja:
emilie.nyheim@stad.kommune.no



Frislivscoordinatorane Emilie Nyheim og Pia Gjørsvik Kvernevik legg til rette for ein aktiv kvardag og god helse for innbyggjarane i Stad kommune.



Helsestasjon



Helsestasjonane er lokaliserte i Selje og på Eid og har felles leiing. Tenesta er eit helsefremmande og førebyggande tilbod til barn og unge i alderen 0-20 år, og arbeidet er forankra i lov om kommunale helsetenester. Tenesta omfattar jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom (HFU) og miljøretta helsevern. Kommunen kjøper jordmorteneste frå Helse Førde, og jordmorressursen er for tida ved God start.

Helsestasjon og skuletenesta samarbeider med andre kommunale tenester, spesialisthelsetenesta, barna og dei føresette om gode tiltak for barna.

Godt foreldresamarbeid med vekt på deira oppleving og barnet si stemme er viktig.

0-5 år

Alle gravide får tilbod om svangerskapsomsorg hos jordmor på God start og/eller med fastlege. Tilboden er gratis, og gir gravide i Stad oppfølging, råd og rettleiing. Helsestasjonen følgjer barna si fysiske og psykososiale utvikling frå fødselen. Sentrale arbeidsoppgåver er tilbod om helsestasjonsprogrammet, vaksinasjon, helseundersøkingar, foreldrerettleiing, oppfølging av barn med særskilde behov. Målet med helsestasjonsprogrammet er at foreldre opplever meistring i foreldrerolla, å bidra til godt samspele mellom foreldre og barn, å fremme fysisk, psykisk og sosial utvikling hos sped- og småbarn, førebygge, avverge og avdekke vald, overgrep og omsorgsvikt, å avdekke fysisk og psykisk utviklingsavvik tidleg, å bidra til at barn får oppfølging og tilvising vidare ved behov.

Mange av helsejukepleiarane er sertifiserte i fleire foreldrerettleiingsprogram.

Britt Tomsgard er fagleiar ved helsestasjonen i Stad kommune.



”

Sjå at både foreldre og unge meistrar liva sine med litt bekrefting og støtte, er stor motivasjon

Skulehelseteneste

Skulehelsetenesta jobbar førebyggande og helsefremjande for barn og unge i barneskule, ungdomskule og vidaregåande skule. Helsesjukepleiar har fast kontortid på alle skulane. Tenesta er ansvarleg for barnevaksinasjonsprogrammet, helseundersøking og helsesamtale, førebyggjing av vald og overgrep og samtaler med elevar. I samarbeid med skulen underviser tenesta om helsetema i klassar og i samtalar. Tenesta bidrar i tverrfagleg samarbeid om enkeltelevar.

Helsestasjon for ungdom

Helsestasjon for ungdom (HFU) er eit gratis tilbod til alle ungdomar mellom 13 og 20 år. Sentralt er seksuell og psykisk helse. Her treff ungdom helsesjukepleiar, lege og psykisk helsearbeidar.



Legetenesta

Gjennom fastlegeordninga skal kommunen sikre at alle får nødvendige fastlegetenester av god kvalitet til rett tid, og at alle personar busette i kommunen har ein eigen fastlege.

Det er 12 fastleggar i Stad kommune som til saman har 9180 pasientar på fastlegelista. I tillegg til fastlegestillingane har legane også ulike kommunale deltidsstillingar på inntil 7,5 timer per veke. I desse stillingane utfører dei fastløna allmennlegeoppgåver i helsestasjonen, skulehelsetenesta, i institusjonane, i kommunal akutt døgneining (ØHD) og andre kommunale institusjonar med organisert legeteneste.

Fleire av fastlegane i Stad har gjennomført femårig vidareutdanning og er godkjende spesialistar i allmennmedisin.



Legetenesta i Stad kommune har hjelpepersonell i til saman 12 årsverk ved legekontora i Selje og Eid. Hjelpepersonellet er utdanna helsesekretærar, bioingeniørar og sjukepleiarar. Hjelpepersonellet har ein viktig funksjon i drifta av legekontora og utfører mykje pasientretta arbeid for innbyggjarane i kommunen.

Primærhelseteam

Primærhelseteam er eit nasjonalt pilotprosjekt der fastlege, sjukepleiar og helsesekretær skal følge opp pasientar saman. Målet er å utvikle betre koordinerte og samanhengande tenester for pasientar med kroniske sjukdommar, psykiske helseproblem og rusutfordringar, personar med utviklingshemmingar og funksjonsnedsetjingar. Sjukepleiarane i primærhelseteamet er også ein viktig ressurs i arbeidet med digital heimeoppfølging. Målet er å gje personar med kroniske sjukdommar betre utsikter til å meistre eigen sjukdom.

Heilsakeleg oppfølging gjennom primærhelseteam

Kommuneoverlege

Stad kommune har kommuneoverlege i heil stilling. Kommuneoverlegen har eit overordna ansvar for vern mot smittsame sjukdomar, helsefagleg rådgjeving, miljøretta helsevern, vedtak om tvungen undersøking etter lov om psykisk helsevern, generell helseberedskap og folkehelse i kommunen.

Thomas Vingen Vedeld er kommuneoverlege i Stad kommune. Han er spesialist i samfunnsmedisin og allmennmedisin, og har arbeidd som fastlege på Nordfjordeid frå 2005 og fram til han vart kommuneoverlege i full stilling i 2020.



Legekontoret i Selje er lokalisert i det nye helsesenteret i Selje. I tillegg til legekontor inneholder senteret helsestasjon, kontor, stellerom, laboratorium, rom for blodprøver, venterom, akuttrom, møterom, garderober og pauserom.



Bu- og miljøtenesta

Gode, aktive liv for alle

Bu- og miljøtenesta gir tilbod til innbyggjarar med ulike funksjonsnedsettingar, og yter tilbod til både barn og unge, familiar og vaksne.

Det overordna målet for bu- og miljøtenesta er å bidra til at tenestemottakarar oppnår høgast mogeleg grad av meistring og livskvalitet. Kvar einskild skal ha ein meiningsfull kvardag og ha moglegheiter til å ta val i eige liv.

Eininga har seks bemanna omsorgsbustadar og ei barneavlastning. Desse er fordelte på Nordfjordeid, Selje og Leikanger.

Tenesta gir dagtilbod, personleg assistanse, fritidskontakt, opplæring i dagleglivet og fritidstilbod.

Tenesta har også tilbod til foreldre og pårørande med særleg tyngande omsorgsansvar. Føremålet med tilbodet er å avlaste foreldre og pårørande.

Fritidskontakt er eit tilbod til både barn, ungdom og vaksne som har behov for sosialt samvær eller støtte til å delta i aktivitetar utanfor heimen.

Bu- og miljøtenesta gir også tenester til menneske med kortvarig og langvarig behov for oppfølging på grunn av utfordringar med rus og/eller psykisk helse.



Tilrettelagt for eit godt fag- og arbeidsmiljø, til det beste for bebruarane

Fakta om

Bu og miljøtenesta har totalt 216 tilsette / 131,7 årsverk.
Adm. for bu- og miljøtenesta har kontor på Myroldhaug.

Avdeling indre

Myroldhaug, psykisk helse og rus
Myroldhaug, teneste for funksjonshemma
Elvebøen, teneste for funksjonshemma
Barneavlastning
Psykisk helse- og rusteneste

Avdeling ytre

Trivel, teneste for funksjonshemma
Reidahauen, teneste for funksjonshemma
Kvia, psykisk helse og rus
Psykisk helse- og rusteneste

Lærings-og aktivitetssenter

LA-senter, Nordfjordeid
Hove, Selje
Vår sin butikk, Leikanger



Karl Alsaker

Einingsleiar

Svenn Morten Eikeset,
avdelingsleiar på Myroldhaug, har
ansvar for bustad og bebuarar
med funksjonshemmingar.




Bu- og miljøtenesta har fleire bustadar
for kort og lang oppfølging.

Det nye bufellesskapet Myroldhaug vart
opna i 2021. Myroldhaug er bustad og
heim for innbyggjarar over 18 år med

behov for langvarig tilbod og kontinuer-
leg oppfølging i heimen.

Myroldhaug har eit godt og tilpassa
tilbod med eit stabilt og samla fagmiljø.
Bygget har også møterom og kontor.

Ann-Charlotte Jansson er
assisterande einingsleiar
i bu- og miljøtenesta,
med kontorbase
i Selje.



Å bidra i fellesskapet

Lærings- og aktivitetssenter

Lærings- og aktivitetssentera i Stad kommune har dagtilbod for dei mellom 16-67 år som fell utanfor ordinært arbeidsliv.

Sentera arbeider etter arbeidssentermodellen, der deltakarar med ulikt funksjonsnivå arbeider saman for å yte tenester, ferdigstille produkt og overhalde leveringsfristar. Målet er å fremje trivesel, sosialt fellesskap, tryggleik, respekt og meistring. Det er viktig at kvar enkelt deltakar kan påverke sin eigen kvardag og at den vert opplevd som meiningsfull.

Lærings- og aktivitetssenteret (LA-senteret) på Nordfjordeid held til i LA-bygget saman med eninga integrering og opplæring og Movia. Bu- og miljøtenesta driftar kantina i LA-bygget og har butikk med eigenproduserte varer. Her er tekstilavdeling, snikkarverkstad og produksjon av mellom anna tennbrikettar. LA-senteret driftar også BUA Eid.

Vår sin butikk er eit bakeri i Korsen på Stadlandet. Vår sin butikk produserer smårettar og bakst som dei sel i eigen butikk. Dei leverer også varer til ulike firma i nærområdet.

Hove ligg i Selje sentrum. Her er det tekstilavdeling, snikkarverkstad som mellom anna produserer ute-møblar og eiga avdeling som produserer ved. I tillegg tek Hove ulike oppdrag rundt i lokalsamfunnet, og har eigen butikk med sjølvproduserte varer.



“

Kjekt å glede andre
med det vi lagar



Legevakt

Nordfjord interkommunale legevakt

Å ha god beredskap når det skjer akutte hendingar er særstakt viktig for alle innbyggjarane våre. – Nordfjord interkommunale Legevakt sikrar folk trygg helsehjelp 24 timer i døgnet, kvar dag, året rundt!

Interkommunale helsetenester for Nordfjord er lokalisert i 1. etg. ved Nordfjord sjukehus på Nordfjordeid. Tenesta består av tre kommunale tenester for kommunane Stad, Stryn og nordre del av Kinn;

- heildøgns legevaktformidling,
- legevakt
- ØHD (Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod)

Legevaktformidlinga svarer på alle telenonar til 116 117, gir råd og tildeler time hos legen, enten i den enkelte kommune eller Nordfjord legevakt. Ved akutt fare for liv og helse, samarbeider legevaktformidlinga tett med AMK (akutt medisinsk kommunikasjonsentral i Førde).

Legevakta er bemanna med lege i tidsrommet fra kl. 16.00-08.00 på kvardagar, heile døgnet i helgane og på heilagdagar. I perioden 08.00-16.00 på kvardagar har kvar av kommunane eiga legevakt.

Arbeidsoppgåvene ved legevakta er å handtere situasjonar i befolkninga som oppstår brått, uventa og akutt.

Ved behov kan pasientar leggjast inn i communal akuttseng (ØHD) for observasjon, utgreiing og behandling.

Pasientgruppa er alle som oppheld seg i kommunane, innbyggjarar og turistar.



“

Ta i vare menneske
i alle aldrar, livssituasjonar
og lynne i sårbare situasjonar,
bidra med trøyst, råd og
løysingar gjer jobben ved
legevakta meiningsfull og gjevande



● Fakta om

Legevakta er lokalisert i 1. etg. på Nordfjord sjukehus.

Tilsette

31 fastlegar deltek i legevakt
3 fastlegar frå Eid delar tilsynslegefunksjon v/ØHD
14 sjukepleiarar i turnus
2 sjukepleiarar + paramedisiner, faste ekstravakter
1 helsefagarbeider/ambulansefagarbeider,
2 spl stud. helsepersonell på helg
Avdelingssjukepleier, 75% stilling
Einingsleiar 100%
Legevaksjef 40%

Tlf. legevakt 116 117



**Gerd Aud
Totland**
Einingsleiar

NAV Nordfjord

Kommunane i Nordfjord inngjekk vertskommunesamarbeid om drift av NAV-kontora i Stryn, Stad, Gloppen og Bremanger våren 2023.

NAV Nordfjord har kontorstader i alle kommunane, men dei til saman 44 tilsette er delte inn i to avdelingar på tvers av kontorstadane. Avdelinga arbeid og sosial har ansvar for mottaksoppgåver, arbeidssøkjarar og dei kommunale tenestene. Avdelinga arbeid og helse har ansvar for sjukefråvær, arbeidsavklaring, utvida oppfølging og jobbspesialistane.

Ein positiv effekt av vertskommunesamarbeidet er eit større fagmiljø, meir samordna innsats og ressursar til prioriterte område.

NAV Nordfjord er eit partnerskap mellom NAV Stat (Vestland) og kommunane i Nordfjord der dei 44 tilsette løyser oppgåver på tvers av partnarskapet.

Formålet er å sikre eigarskap og god samhandling om felles samfunnsoppdrag på arbeids- og velferdsmrådet.

NAV-kontoret skal levere eit heilskapleg og effektivt tenestetilbod med utgangspunkt i behova til innbyggjarane, og i samsvar med mål, føringar og rammene lovverket gir. Eit vesentleg mål er å få fleire innbyggjarar i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Frå hausten 2023 har kontoret eit eige ungdomsteam, som skal gje gode tenester til ungdom mellom 16-30 år. Dette med bakgrunn i ungdomsgarantien som vart innført 1. juli 2023. Målet er å ha gode relasjonar, vere tett på og få ungdomane raskt i aktivitet.

Den største og viktigaste oppgåva er å hjelpe folk ut i arbeid

Stad er verts-kommune for NAV Nordfjord

Fakta om

NAV Nordfjord har kontor i kvar kommune og felles leiing på tvers av stat og kommune.

Opningstid er kvardagar frå kl. 08.00-15.30 for avtalte møte. For innbyggjarar som ikkje har bestilt time er det drop-in tre dagar i veka frå kl. 12-14.00 (måndag, onsdag og fredag).

44 tilsette

5 i Bremanger

8 i Floppen

11 i Stryn

20 på Nordfjordeid

Kontoret i Stad kommune ligg i 2. etg. i Sentrumsbygget, Lotevegen 21, Nordfjordeid.

Kontaktsenteret NAV:

tlf. 55 55 33 33



Monica Osvold

Regionleiar
NAV Nordfjord

“ Vi gjev menneske
moglegheiter



Oppgåver

- Hjelp til å kome i jobb
- Hjelp i nødssituasjonar, til dømes mellombels butilbod eller økonomisk sosialhjelp
- Økonomi- og gjeldsrådgiving
- Hjelp til å bruke digitale tenester og tilgang til PC
- Frivillig og tvungen forvaltning av privatøkonomi
- Kommunal bustad
- Oppfølging av personar med rusproblem
- Oppfølging av personar med psykiske helseproblem

Seks

På jobb for
Stad kommune



**Ingvild Langeland,
sjukepleiar Eid legekontor**

Varierte og spennande dagar, som er både utfordrande og utviklende. Gode kollegaer å samarbeide med.

Kvífor jobbar du
i Stad kommune?

Kva er det beste
med jobben?

**Kristian Haugen,
kulturskulelærar Stad kulturskule**

Ein kjekk arbeidsplass med trivlege elevar og kollegaer. Levande kulturmiljø der moglegheiter for samarbeid ikkje er langt unna - både små og store prosjekt.

Det beste med jobben er å sjå gleden når samspelet med andre byrjar å sitte og elevane kjenner tryggleik, både i undervisningssituasjonen og på scena etterkvart, og at dei opplever nysgjerrighet, glede og meistring.



**Hans Thomas Solheim,
prosjektleiar kommunalteknikk**

Varierte og utfordrande arbeidsdagar med oppgåver som spenner over fleire fagområde. Godt arbeidsmiljø og moglegheit for personleg og fagleg utvikling. Kjensla på at ein bidreg i felleskapet og i utviklinga av kommunen.



“ Alt handlar om å bidra til god helse og livskvalitet for alle - små og store



Helga Helgesen Rutledal og Mirjam Endal, Selje barnehage

Selje barnehage har eit inkluderande miljø med omsorg og rom for kvarandre. Drivkrafta er å saman skape gode verdiar og haldningar hos store og små, og vere den trygge vaksne for barna.



Thea Løvold, helsefagarbeidar Seljetunet

Som arbeidstakar i ei lita kommune som Stad vert ein sett og høyrd. Dette gir driv til å vere ein del av den kommunale tenesta. Å kunne yte teneste med god kvalitet for tenestemottakarane, knytt til behova for den einskilde. Som helsefagarbeidar og verneombod på Seljetunet er kvardagen aldri lik. Ein jobbar tett på bebuarane, kollegaer og pårørande.

Ein må vere sjølvstendig og løysingsorientert i arbeidet, samstundes som ein må arbeide godt i team. Dette gjer kvardagen unik. Eg har ikkje opplevd ein kjedeleg jobb-kvardag!

Kultur og samfunn



Astrid Fossheim Paulsen,
kommunalsjef

“ Stad kommune er framleis ein ny kommune, og planarbeid og stadutvikling er viktig for å bygge fellesskap og identitet!

Berekraftig samfunn

Kommunalområdet Kultur og samfunn har ansvar for at Stad kommune har ei berekraftig samfunns- og stadutvikling. Kommunalområdet femner breitt og har fem einingar plan og forvaltning, eigedom, kommunalteknikk, kultur, brann og redning.

Kultur og samfunn skal arbeide for ei heilskapleg samfunnsutvikling tufta på FN sine berekraftsmål klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Gode arealplanar, heilskaplege løysingar for vatn og avløp, kommunale vegar og hamner, eigedomsforvaltning og tryggleik er grunnleggjande for å tilby gode tenester til innbyggjarane. Kultur og tilrettelegging for reiseliv og næringsutvikling er også viktige delar av samfunnsutviklinga.

Stad er ein langstrekta kommune med spreidd busetnad, unik natur og lang kystlinje. Berekraftig bruk av natur, kyst- og jordressursar er viktig no og i framtida. Kommunen skal vareta den blå-grøne strukturen, avgrense tapet av biologisk mangfald, ta vare på kulturlandskapet og legge til rette for eit aktivt jordvern, skogbruk og lokal matproduksjon. Kommunen har eit stort potensiale i sjø-, landbruks- og reiselivsrelaterte næringar.



Store avstandar i kommunen er utfordrande. For å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling er det nødvendig å redusere behovet for transport og gjøre det meir attraktivt å gå og sykle der dette er mogleg. Kommunen må derfor arbeide med nye kommunikasjonsløysingar, bygge ut og forbetra infrastruktur på land og på sjø.

Trygge vegar, sikker vassforsyning, avfallsløysingar som tek omsyn til miljøet, trivelege friområde og godt vedlikehaldne kommunale bygningar, er kjerneoppgåver for kommunen. Dette er tenester som innbyggjarane ofte har høge forventningar til. Det er eit etterslep på vedlikehald

av kommunale og fylkeskommunale vegar og det er behov for fleire gang- og sykkelvegar i kommunen.

Infrastrukturen for vatn og avløp har også varierande tilstand. Det vil bli behov for investeringar i åra som kjem for å sikre akseptabel kvalitet på anlegga, sikre tryggleik, beredskap og lovpålagde krav. Lokal transportplan, temaplanar for vassforsyning, avløp og overvasshandtering for Stad kommune vart vedtekne i 2022. Planane gir retning og legg eit godt grunnlag for prioritering av oppgåver framover.



Kommunalområdet for kultur og samfunn har fem einingar med om lag 98 årsverk og 151 tilsette.

Forts. frå side 33

Tilbod og tenester

Eigedom

Reinhalld

Vaktmester

Kommunalteknikk

Vatn og avløp

Veg

Hamn

Investeringsprosjekt

Plan og forvaltning

Plan, bygg, kart og oppmåling

Landbruk, skog og miljø

Brann, redning og førebygging

Eid brannstasjon

Selje brannstasjon

Leikanger brannstasjon

Kultur

Operahuset Nordfjord

Stad kulturskule

Stad kino

Bibliotek, Eid og Selje

Kulturarv

Frivilligsentralane, Eid og Selje

Gode formålsbygg er nødvendig for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane. Dette legg også grunnlaget for effektiv drift og lågare driftskostnader. Hausten 2023 starta arbeidet med å utarbeide ein egedomsstrategi for Stad kommune. Formålsbygga i kommunen har ulik standard og kapasitet. I 2023 vart det lagt fram ein rapport om tilstanden til skule- og barnehagebygg. Rapporten dokumenterer eit stort behov for vedlikehald og fornying av enkelte bygg. I 2024 vil det bli lagt fram eit kunnskapsgrunnlag om standarden på helse og omsorgsbygg.

Stad kommune ønskjer å vere utviklingsorientert, satse på ny teknologi og investere i klima- og miljøvenlege bygg. Ei meir berekraftig og kostnadseffektiv drift vil utfordre oss med omsyn til å investere i meir framtidsretta driftsløysingar, men også med omsyn til å gjere strukturelle grep som effektiviserer drifta.

Kommunen arbeider målretta med plan- og reguleringsarbeid i samband med Stad skipstunnel. Når dette er ferdig står arbeid med kommuneplanen sin arealdel for tur. Dette skal vere eit heilskapleg verktøy for å utvikle kommunen i tråd med samfunnsplanen for Stad kommune. I januar 2024 går Stad kommune inn eit vertskommunesamarbeid om tilsyn for spreidde av avløp og tilsyn byggesak saman med Stryn, Gloppen, Bremanger og Kinn. Fleire analysar viser at kommunen også har behov for ei rekke tiltak for å sikre ein tilfredsstillande beredskap innan brann og redning.

Kulturaktivitetar er grunnleggjande for lokalsamfunnet. Ny kulturplan var ferdig i 2023 og set retning for kulturarbeidet i Stad kommune. For å lukkast må vi styrke dei eksisterande samarbeida med ulike aktørar og finne nye samarbeidspartnerar for å nå fleire. Samarbeid mellom kommunen, næringslivet og frivillige gjennom samskaping er eit særskilt satsingsområde for Stad kommune.



Gjennom internasjonale, nasjonale og regionale mål og føringar er vi forplikta til å ta tak i arbeidet med å redusere klimagassutslepp. Gjennom rollene som samfunnsutviklar, myndigheitsutøvar, tenesteytar, innkjøpar av varer og tenester og som forvaltar av eigedomar og bygningar kan kommunen arbeide for å redusere klimapåverknadene.

Juni 2022 vedtok kommunestyret ein strategi for klimaarbeidet. Denne skildrar korleis organisasjonen skal arbeide systematisk og strukturtet med klimaspørsmål. Framover skal kommunen lage ein klimaplan og å følge opp kommunen sitt klimabudsjett.

Stad kommune er framleis ein ny kommune, og planarbeid og stadutvikling er viktig for å bygge fellesskap og identitet!

[Les om alle einingane,
tilbod og tenester](#)



Plan og forvaltning

Plan og forvaltning utarbeider kommunale arealplanar, behandler private planforslag og bygge- og delesaker, leverer kart- og oppmålingstenester og utfører geografiske analysar. Landbruks- og miljøvernoppgåver vert løyste i vertskommunesamarbeid med Landbrukskontoret for Gloppen og Stad.

Målgruppa for plan og forvaltning er innbyggjarane og verksemdere i Stad kommune. Eininga behandler søknader og gir råd og rettleiing. Dette gjeld alt frå byggjesøknad, søknad om frådeling og rekvisisjon av oppmålingsforretning, private planinitiativ, fellingsløyve på hjort, søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn, søknad om produksjonstilskot og liknande.



“ Legg premiss for utviklinga av lokalsamfunnet og kommunen



Fakta om

Kontorstad Stad rådhus Nordfjordeid og kommunehuset i Selje.

10 tilsette

Einingsleiar - leiing, byggesak og plan

Fagleiar plan

Fagleiar bygge- og delesak

Fagleiar, kart/oppmåling

Ingeniør, kart/oppmåling

Ingeniør, delesaker

Ingeniør, plan

Planleggjar

Rådgjevar, byggesak

Rådgjevar, miljøvern



**Svein Arne
Fure**

Einingsleiar



Planarbeid

Kommunane har hovudansvaret for kommunal planlegging og forvaltning etter plan- og bygningslova. Planansvaret inneber også at kommunen skal ivareta nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga.

For kommunale planar og større reguleringsplanar skal det utarbeidast planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing. Planprogrammet omtalar korleis planarbeidet skal organiserast. Konsekvensutgreiing gjer nærmare greie for verknadar av planen for miljø og samfunn. Planar for utbygging skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet.

Kommunen v/plan og forvaltning skal kvalitetssikre planane før utlegging til offentleg ettersyn. Dette inneber at kommunen skal sjå til at planen er juridisk haldbart, at den er i tråd med plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, anna relevant lovverk.

Bygg og delesaker

Plan og forvaltning forvaltar og rettleiar i saker etter plan- og bygningslova, og behandler innkomande søknadar om tiltak, deling og/eller dispensasjon.

Avdelinga har også ansvar for tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak. Det vert arbeidd med å etablere eit vertskomunesamarbeid om tilsyn i byggesaker. Eininga rettleiar også gjennom å svare ut spørsmål om korleis ein skal gå fram for å søkje om eller få godkjent tiltak.

Kart og oppmåling

Plan og forvaltning har ansvar for kommunen sitt kartverk og skal halde à jour alle tema i kartet og legge til rette for bruken av kartdata i kommunen.


Vidare har eininga ansvar for matrikkelen som er Noregs offisielle egedomsregister. Den inneheld alle egedomar, seksjonar, grenser, bygningar, bustadar og adresser i kommunen. Etter matrikkelova og eigarseksjonslova vert det utført rettingar, kvalitetshevingar, frådeling av nye

grunneigedomar, grensejusteringar, arealoverføringar, seksjonering av egedomar, samanslåingar, klarlegging av grenser og adressering. Plan og forvaltning rettleiar også innbyggjarane innanfor desse ansvarsområda.

Landbruk og miljø

Landbrukskontoret for Gloppe og Stad har ansvar for jordbruks-, skogbruks- og utmarksforvaltninga for begge kommunane. I tillegg til å rettleie, forvaltar landbrukskontoret lover og tilskot innan desse fagfelta, som til dømes ordninga «Utvalde kulturlandskap» på Stadlandet. Ureining og miljø i landbrukssaker vert også følgt opp av landbrukskontoret.

Plan og forvaltning har eit overordna ansvar for å sikre oppfølging av natur, klima og miljø i ulike saker. Dette gjerast i planarbeid og byggesaker, men også i saker som er direkte knytte til forvaltninga av ureiningslovverket, vassområdeforvaltninga og naturforvaltninga, og bistand i kommunale prosjekt knytt til klima og miljø.



Roy Cato Hopland og Odd-Harald Heggen arbeider med kart, oppmåling og matrikkelen i Stad kommune.



Kommunalteknikk

Trygg og god infrastruktur

Kommunalteknikk har ansvar for kommunal infrastruktur som vegar, veglys, vassforsyning og avløpshandtering, handtering av overvatt, kommunale hømner og parkanlegg.

Vatn, avløp og overvatt

Sikring, drift og vedlikehald av infrastruktur knytt til vassforsyning, avløpshandtering og overvasshandtering, vassverk, ledningsnett, renseanlegg og pumpestasjonar er eit stort og viktig arbeidsområde for eininga.

Klimatilpassing og overordna beredskapsarbeid for infrastruktur er eit viktig og prioritert fokusområde i det daglege arbeidet innanfor tenesteområda vatn, avløp og overvatt.

To ingeniørar, sju fagarbeidar og ein maskinkøyra har det daglege ansvaret for fagområda. Dei nye planane for vassforsyning, avløp og overvatt vedtekne i 2023 blir viktige styringsdokument for eininga dei neste ti åra. Mykje av arbeidet vil vere å følge opp prioriterte tiltak frå planarbeidet, som mellom anna nye renseanlegg, oppgradering av leidningsnettet og damsikring.

Veg og park

Ansvaret for å drifte offentleg veg er fordelt mellom Stad kommune, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Stad kommune har ansvaret for kommunale vegar. Det kommunale vegnettet omfattar ca. 179 km veg og 5,5 km gang- og sykkelsti. Drifts- og vedlikehaldsarbeidet varierer gjennom året og omfattar brøyting, strøng, overvasshandtering, flaumførebygging, kantslått, grøfterensk, asfaltering, skoging og vefsikring.

Drift og vedlikehald av dei 2000 kommunale gatelysa er også ein sentral del av arbeidet knytt til det kommunale vegnettet. I tillegg kjem også lysanlegg ved kommunale bygg og parkeringsareal.

Drift og vedlikehald av alle kommunale parkar og friluftsområde, grøntanlegg ved kommunale bygg, drift av verkstad og kommunal maskinpark, ligg også til den kommunaltekniske eininga.




Sikrar samfunns-kritiske funksjonar og held hjula i gong i samfunnet!

I tillegg til å drive sakshandsaming har eininga også ansvar for små og store driftsprosjekt innanfor veg, vatn, avløp og eigedom. Prosjektavdelinga har seks prosjektleiarar som følgjer større og mindre prosjekt frå start til slutt.

Hamneforvaltning og renovasjon

Hamneforvaltninga vert varetatt av Hamnekontoret for Bremanger og Stad gjennom eit vertskommunesamarbeid. Renovasjonstjenester (hushaldningsavfall) og slamtøming vert levert av Nordfjord Miljøverk (NoMil) som er eit interkommunalt samarbeid (IKS).



Fakta om

Kommunalteknikk har kontor, base og verkstad i Øyanevegen 4, Nordfjordeid og kontor og base i Hovevegen 67, Selje.

Kommunalteknisk drift 18 tilsette.
VAO - vatn, avløp og overvatt
Vegdrift, veganlegg og grøntanlegg
Verkstad
Hamn
Miljøstasjon

Prosjektavdeling 6 tilsette.
Investeringsprosjekt
Driftsprosjekt

9 kommunale vassverk
12 høgdebasseng
12 kommunale avløpsanlegg
32 kommunale avløpspumpestasjonar
333 km leidningsnett VAO
Produserer **1,8 mrd.** liter vatn kvart år
179 km kommunalt vegnett
5,5 km gang/sykkelveg
7,5 km fortau
62 bruar
2000 gatelys
Mange skilt, rekkverk, stikkrenner, slukar



Hilde Hovden
Einingsleiar

Brann, redning og førebygging

Eit tryggare samfunn

Eininga har ansvaret for operativt brannvern, førebyggande brannvern og feiing. Eininga har også kapasitet innanfor redning til lands og på sjø, og samhandlar tett med dei andre blålysetatane (politi, ambulanse) og andre sivile beredskapsorgan (Sivilforsvaret, Røde Kors m.fl.).

Eininga er organisert i ei førebyggande avdeling og ei beredskapsavdeling.

Førebyggande avdeling gjennomfører systematisk risikobasert arbeid etter forskrift om brannførebygging. Avdelinga er eit vertskommune samarbeid med kommunane Stad, Stryn og Gloppen der Stryn er vertskommune. Avdelinga har tre inspektørar tilsette i Stryn, som utfører tilsyn i kommunane med fordeling etter folketal.

Førebyggande avdeling har i tillegg fem brannførebyggjarar (feiarar) som er tilsette i kommunane. Stad kommune har to feiarar. Desse utfører lovpålagd feiing og tilsyn i heilårsbustadar og fritidsbustader samt anna førebyggande arbeid som til dømes nasjonale og regionale kampanjar.



Ved branntilsyn vert den generelle branngjeggleiken vurdert, med fokus spesielt på skorstein og eldstad der eigar av bustad sjølv har pliktar. Hovudmålet er å førebygge brann, slik at tap av liv og verdiar vert unngått. Dei brannførebyggjande oppgåvene er først og fremst knytte til lovpålagde oppgåver, men eininga utfører også andre oppgåver som ikkje er direkte lovpålagde, men som har stor verdi når det gjeld å førebygge brann.

Eininga jobbar aktivt med å formidle viktig kunnskap om brannfare og branngryggleik til barn og unge i Stad kommune.

Beredskapsavdelinga er innsatstyrke ved brann, redningsoppdrag og andre ulukker.

Brann og redning er ofte dei første på ulukkesstaden og gjer førsteinnsatsen til politi eller ambulanse kjem til. Då er det viktig at brannmannskapen både har riktig utstyr og nok kompetanse til å gjere ein god jobb.

Avdelinga har 38 deltidstilsette brannkonstablar fordelt på dei tre stasjonane på Nordfjordeid, i Selje og på Stadlandet. Stasjonen på Nordfjordeid har 20 tilsette, brannstasjonen i Selje har 10 tilsette og Leikanger brannstasjon på Stadlandet har 8 tilsette.

Stad kommune har ei overordna 4-delt vakt 24/7 der det er krav til utdanning.



Fakta om

3 brannstasjonar, Nordfjordeid, Selje og Leikanger

Førebyggande avdeling

3 inspektørar i samarbeid med kommunane Stryn og Gloppen
2 feiarar tilsett i Stad kommune



**Geir Petter
Hatlenes**
Einingsleiar

Brann 110

Eigedom

291 eigedomar

Eininga eigedom omfattar utvikling, forvaltning og drift av kommunale bygg og eigedomar i Stad kommune. Kommunen eig ca. 60.000 m² med bygg som omfattar 21 formålsbygg; skular, barnehagar, institusjonar, idretts- og kulturygg, rådhus og kommunehus, i tillegg til ca. 270 omsorgs- og gjennomgangsbustader. Eigdomseininga administrerer også all uteleie av kommunale bygg.

Eininga har 45 tilsette fordelt på leiari, rådgjevar, konsulent, vaktmeister/driftsteknikarar, reinhaldarar og badevakter.

Vaktmeister- og reinhaldstenestene i kommunen er lagt til denne eininga, og tenestene har eit tett samarbeid med einingane innan dei andre kommunalområda. Vaktmeister- og reinhaldstenesta tek i vare mange ulike typar bygg med ulik alder, bygningsmasse og standard.



Eigedom gir også praktisk hjelp til reinhald i private heimar. Dette vert utført etter vedtak fatta av heimetenesta.

Fakta om

Ansvar for areal på totalt 60.000 m²
21 formålsbygg / 270 bustadar.

46 tilsette / 39,19 årsverk
Leiar, rådgjevar og konsulent
29 reinhald
11 driftsteknikarar
2 off. badevakter
1 burettleiar

Vaktordning for bygg i indre.
Vaktsamarbeid med kommunalteknikk i ytre.

Kontorstad adm. Stad rådhus.
Base for vaktmeister og reinhald er lokalisert
på Stad rådhus og kommunehuset Selje.



**Tore
Nyhammer-Taklo**
Einingsleiar

Bustad - tildeling og rettleiing

Kommunen har plikt til å hjelpe til med å skaffe bustad til dei som ikkje fult ut kan vareta interessene sine på bustadmarknaden. Einingane eigedom, NAV, bu- og miljøtenesta og opplæring og integrering har danna eit tverrfagleg team som samarbeider om å tildele passande bustader til dei som treng det. Einingane samarbeider også tett om å følge opp personar som treng ekstra oppfølging og rettleiing i nye buformer slik at dei kan meistre kvardagen i eigen heim.

Berekraftig drift

Eigedom arbeider systematisk med energioptimalisering av bygga saman med brukarane. Tiltak er til dømes å skifte ut og oppgradere varme- og ventilasjonsanlegg, og vere ein pådrivar av miljø- og klimatiltak som solenergi, ombruk, sirkulærøkonomi og lokal handel. Kommunale bygg skal vere robuste og ha lang levetid til glede for nye generasjonar.



Reinhold er eit variert yrke der du jobbar med både menneske og teknisk utstyr, og som krev kunnskap om blant anna kjemi, inneklima og miljøpåvirkning. Fleire av dei tilsette på reinhold i Stad kommune er fagutdanna reinholdsoperatørar.

“ Eigedom er berebjelken for alle einingane





Geir Holmnen
Einingsleiar / Kultursjef

Fakta om

29 tilsette / 19,29 årsverk

12 personar har 100% stilling

17 personar har deltidsstillingar

Kulturskule 11 tilsette / 6,41 årsverk

Frivilligsentral 2 tilsette / 2 årsverk

Selja kloster og heilaganlegg, Selje regionale pilegrimsenter, 3 tilsette / 2,4 årsverk

Operahuset Nordfjord 4 tilsette / 2,87 årsverk

Bibliotek 5 tilsette / 3,5 årsverk

Kino 4 tilsette / 1,1 årsverk

Kulturadministrasjon 2 tilsette / 1 årsverk

Aktvitet 2022

- 10 261 kinopublikum
- 23 886 publikum på 93 arrangement
- 275 enkeltelevar i kulturskulen, 120 på ventelistet
- Frivilligsentral: frivilligkoordinering, lån av utstyr til sport og friluftsliv (BUA), matkasser, gratisarrangement, sommarjobb for ungdom.
- Regionalt pilegrimssenter og skjøtsel av Selja kloster
- 30 000 besökande i biblioteket
- Kultur til folket gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) og Den kulturelle spaserstokken (DKSS)
- Ung kultur møtast (UKM)
- Kulturnatt
- Den store kinodagen

Kultur

Bygger lokalsamfunn

Kultureininga har det overordna ansvaret for den kommunale delen av kulturen i Stad kommune, noko som inneber både dagleg drift og vidareutvikling av tenestene.

Kultureininga har seks fagområde – kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, kulturarv, operahus og kino. I tillegg organiserer kultureininga kommunale tilbod som den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken, ungdommens kulturmønstring, kulturprisar. Eininga sakshandsamar og følgjer opp politiske og administrative vedtak på kulturområdet.

Stad har eit rikt, variert og livskraftig kulturliv, skapt av, med og for innbyggjarane i Stad kommune. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar gir innbyggjarane våre moglegheita til å leve meiningsfulle og aktive liv. Langsiktige satsingar på kultur har skapt særeigne arrangement og kulturaktørar som gjer kommunen vår attraktiv og unik, også for andre. Dette skal vi ta vare på for framtida, slik at vi kan nå målet om «eit kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet».

Kulturen i Stad

- Vi tek vare på og vidareutviklar det som er unikt med kulturlivet i Stad
- Kulturlivet vårt gjer Stad til ein attraktiv komune å besøke og leve i
- Stad kommune legg til rette for frivillig arbeid og samskapning

Eit rikt kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet

Operahuset

Operahuset Nordfjord er både Stad og Nordfjord si storstove, med operasal, foaje, kino og bibliotek – og samlokalisert med Eid vidaregåande skule.

Kulturhuset skal bidra til auka kunstnarleg aktivitet og å utvikle kulturlivet i kommunen og regionen. Huset er møtestad for flest mogleg og fungerer som huset for alle.

Operahuset Nordfjord har eit vidt spekter av aktivitetar for og med både barn, ungdom, vaksne og eldre. Bruksområda er allsidige: konsertar, kurs, opera, undervisning, show, events, møte, teater, konferansar, musikalar, messer, skuleavslutningar, dans, selskap, festival, kino, revy og så vidare.

Stiftinga Opera Nordfjord er den største samarbeids-partnaren og leigetakaren i operahuset, med mellom anna ein fullskala hovudproduksjon kvar haust. Eid vidaregåande skule og operaen samarbeider tett om mellom anna kulissar. Vi har òg eit nært samarbeid med Malakoff, Stad kulturskule, lag og organisasjoner, og regionale og nasjonale institusjonar som Riksteatret og Teater Vestland.

Grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom er lokalisiert i same bygg, og kommunen og fylkeskommunen samarbeider om dette opplæringstilbodet. Sambruk mellom skule og kultur er ein heilt vesentleg og naturleg del av både opphavet til og kvardagen i huset.

På dagtid syd operahuset av liv frå nesten 400 elevar og 90 tilsette, om kvelden er dei same lokala fylte opp av kultur. Kinosalen blir brukt til skuleauditorium på dagtid, og i operasalen kan alle elevar og tilsette ha fellessamlingar. Biblioteket er både folkebibliotek og skulebibliotek. Samarbeidet mellom skule og kultur gir store effektar både økonomisk, sosialt og kulturelt.



Operahuset Nordfjord er det einaste operahuset i Noreg utanfor Oslo, og er eit regionalt kulturfyrtaarn.

operahuset.no
facebook.com/operahuset
instagram.com/operahusetnordfjord



Vi skal vere ein aktiv, oppdatert og inspirerande kunnskapsformidlar!



Bibliotek

Stad bibliotek består av hovudbiblioteket på Nordfjordeid og avdeling i Selje. Hovudbiblioteket er eit kombinert folke- og skulebibliotek og ligg i 1. etasje i Operahuset Nordfjord. Avdeling Selje er lokalisert i 1. etasje i innbyggjartorget i kommunehuset i Selje. Dette biblioteket var nytt i 2020 og har felles resepsjon og samarbeid med frivilligsentral og turistinformasjon.

Biblioteka tilbyr utlån av faglitteratur, skjønnlitteratur, tidsskrift, lydbøker og dvd'ar. Biblioteket har også ei rekke digitale tilbod som publikum kan laste ned sjølv, både aviser og tidsskrift, film, bøker og lydbøker. Dersom biblioteket ikkje har materiale det vert spurt etter, kan det skaffast som fjernlån frå andre bibliotek. Biblioteket har også stille lesesal. Avdeling Selje har grupperom med audiovisuelt utstyr. Desse romma kan også nyttast som lesesal. Publikum har høve til å nytte pc-ar og til å skrive ut eller kopiere.

Hovudbiblioteket har spesialsamlingar berekna på elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule, gratis læremiddel, skufilm, ordbøker og skjønnlitterære klassesett. Utlån og innlevering av læremiddel er ei stor oppgåve ved hovudbiblioteket.

Biblioteka har godt samarbeid med barnehagane og grunnskulane i kommunen, og tilbyr gruppebesøk eller utplassering av depot ved skulane. Med jamne mellomrom har biblioteket arrangement som forfattarbesøk, føredrag om ulike tema, teaterframserningar, aktivitetsdagar, språkkaféar og anna.

stadbibliotek.no
facebook.com/eidbibliotek
instagram.com/stadbibliotek

Kino

Stad kommunale kino er lokalisert i Operahuset Nordfjord og har om lag fem visninger i veka, fordelt på tre visningsdagar. Dette utgjer om lag 300 visningar årleg. Det blir lagt vekt på at filmtilbodet skal vere breitt og innehalde film av mange ulike sjangrar, og for mange ulike aldersgrupper. Stad kino skal vere hovudleverandør av kino og kino-opplevelingar til innbyggjarane i Stad kommune, og til innbyggjarar i nabo-kommunar som ønskjer å ha kinoopplevelingane sine på Stad kino.

Kinofilmen er primærproduktet, men det blir også lagt vekt på at publikum skal ha ei god oppleving som gjest på huset og eit godt og oppdatert kiosktilbod. I tillegg blir det satsa på ekstra aktivitetar og tilbod som kan gjere den samla opplevinga endå større. Det kan vere familiedagar, temahelgar, konkurransar eller andre aktivitetar knytte til den aktuelle kinofilmen. Kinoen har fleire faste arrangement gjenom året, som Den Store Kinodagen, OSCAR filmfest i førekant av den årlege Oscarutdelinga, DAG-kinoar og FERIEkinoar på dagtid.

Stad kino har også samarbeid med andre aktørar som Malakoff Rockfestival, Gymmen studio og scene og Fjordane folkehøgskule. I tillegg arbeider kinoen tett og godt med Bygdekinoen. Fleire samarbeidsprosjekt mellom Stad kino og Bygdekinoen har gitt publikum særegne filmopplevelingar. Døme er ROCKEokino under Malakoff Rockfestival, GYMMEKino og SAUE-kino i skateløa i Ervika.

operahuset.no/program/#kino
facebook.com/stadkino
instagram.com/stad_kino



Kulturskulen har eit svært breitt tilbod, og underviser kvar veke elevar (opp til 20 år) i heile kommunen. Rektor Benedikte Demiring har kontor i kulturskulen sine lokale på Eid ungdomsskule.

Kulturskulen

Stad kulturskule tilbyr undervisning i musikk, dans og kunst til barn og unge i alderen 3 til 20 år. Det er 6,4 årsverk knytt til kulturskulen fordelt på til saman 11 tilsette. Tal elevplassar er 339 fordelt på 275 elevar. Om lag 120 elevar står på venteliste. Stad kulturskule tilbyr undervisning i faga dans, piano, strykeinstrument, gitar, trommer, song, messinginstrument, treblåseinstrument, visuell kunst, band og orkester. Kulturskulen sel i tillegg tenester til kor, korps og spelemannslag, inkludert aspirant- og junioropplæring, og gir eit tilbod i musikkbarnehage.

Kulturskulen sine fag er organiserte innanfor tre opp-læringsprogram med ulik profil og målsetjing: breid-deprogrammet, kjerneprogrammet og fordjupingsprogrammet. Programma tek vare på behovet for tilpassa opplæring.



“ Ein viktig ressurs for stadutvikling og kulturnæringer

Kulturskulen sine lokale er samlokaliserte med Eid ungdomsskule, i tillegg underviser lærarane desentralisert på åtte andre skular i kommunen. Undervisninga skjer både i skuletida og etter skuletida. Andre undervisningslokale som kulturskulen nyttar er Valhall og Gymmen, samt fleire bygde- og samfunnshus i kommunen.

Stad kulturskule er ein aktiv aktør i lokalsamfunnet og samarbeider med skulane, barnehagane, opplæring- og integrering, Operahuset, Opera Nordfjord, Gymmen scene og studio, Kulturhuset Gamlebanken, Selje prestegard, eldreibutikken i kommunen, frivillige lag og organisasjonar som kor, korps og spelemannslag, kyrkja, Malakoff Rockfestival, Ung kultur møtast (UKM) og det private næringslivet. I samarbeid med desse har kulturskulen mange større og mindre framsyningar i løpet av året der elevane får høve til å utfalde seg kreativt.



Målet er å tilby eit mangfold
av gode og likeverdige
kulturskuletilbod til alle
barn og unge i
Stad kommune

Kulturarv

Arbeidet med vår felles kulturarv skal legge til rette for vern og formidling av kulturarv av høg verdi. Kulturarv handlar om spor etter menneska sine liv, både materielle og immaterielle. Kulturarv gir oss kunnskap og forståing av kven vi er og kor vi kjem frå.

Kulturarven er ein ikkje fornybar ressurs som vi har ansvar for å ta vare på for framtidige generasjonar. Kulturarven er ikkje berre dei fysiske monumenta og stadane vi ser. Foreningsliv, matkultur, språk, stadmenn, ord og uttrykk og handverkstradisjonar er døme på den immaterielle kulturarven. Stad kommune bidrar med hjelp og rettleiing til eigarar av verneverdige bygg og oppfølging av tiltak i kulturarvplanane saman med lag og organisasjonar og andre interessentar.

Stad kommune er vertskommune for Selja kloster frå 1000-talet, eit kulturminne av nasjonal verdi. Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune har ansvaret for konservering og skjøtsel av ruinane og landskapet i samarbeid med Stad kommune.



Selje regionale pilegrimssenter er lokalisert i prestegarden i Selje sentrum, og er eitt av fire kystpilegrimscenter langs kystpilegrimsleia, mellom Egersund til Trondheim. Dei regionale pilegrimssentera skal saman med eit stort nettverk av samarbeidspartar legge til rette for dei gode opplevelingane langs pilegrimsleia. Pilegrimssenteret skal gi råd, rettleie pilegrimar og koordinere arbeid knytt til kyrkje, kultur, næring og miljø ved dei fem nøkkelstadane Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Svanøy hovudgård, Kinn kyrkje og Selja kloster. Det er oppretta nøkkelstadgrupper på kvar av desse stadane for å ivareta det tverrfaglege arbeidet og utviklinga på kvar av stoppestadane langs leia.

seljakloster.no
seljeprestegard.no





Frivilligsentralen

Stad kommune har to frivilligsentralar, Selje frivilligsentral som vart oppretta i 2019 og Eid frivilligsentral som vart oppretta i 1996. Selje frivilligsentral er lokalisert på innbyggjartorget i kommunehuset i Selje (Nabben 80). Eid frivilligsentral har kontor og aktivitetslokale i Eidsgata 9 på Nordfjordeid.

Frivilligsentralane mottek årlege driftstilskot frå staten. Det er Stad kommune som søker om tilskot, og vilkåra for å få tilskot er regulerte i «Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler». Ordninga er administrert av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

For å nå Stad kommune sine samfunnsmål om å ha levande og aktive lokalsamfunn der alle dreg i lag, må vi legge endå betre til rette for ein sterk og uavhengig frivillig sektor og samskaping mellom frivillige, kommune og andre. Stad kommune sine overordna strategiar for dette arbeidet er:

- **Det skal vere enkelt å vere frivillig i Stad**
- **Stad kommune skal jobbe etter frivilligpolitisk plattform**
- **Stad kommune skal ha frivilligsentralar**

”

Frivilligsentralane
våre er viktige for å
mobilisere og legge
til rette for samskaping
og frivillig arbeid

Frivilligsentralane i Stad arbeider etter desse tre måla:

- Frivilligsentralane er eit bideledd mellom kommunen og frivillig sektor
- Frivilligsentralane er aktive i samfunnsutviklinga
- Frivilligsentralane får folk til å møtast

Frivilligsentralane er lett tilgjengelege kontaktpunkt dersom nokon ønskjer å bli frivillig, vil melde seg inn i ein organisasjon, vil starte ei foreining, har spørsmål om tilskotsordningar eller ønskjer oversyn over kjekke møtestadar og aktivitetstilbod i kommunen.

Frivilligsentralane skal vere nære dei frivillige og gjere vegen mellom kommune og frivillige kort og enkel. Dei skal mobilisere og samordne frivillig innsats i eit samarbeid mellom eldsjeler, lag og organisasjoner, næringsliv og det offentlege, og dei skal framsnakke frivillig arbeid i alle samanhengar. Dei skal fremje kunnskap om og mangfold i frivillig aktivitet. Frivilligsentralane skal kort sagt vere ressursenter for frivillig arbeid og stimulere til auka frivillig innsats i Stad kommune.

Frivilligsentralane bidreg til rekruttering i frivillige organisasjoner og auka frivillig aktivitet gjennom å arrangere innbyggjartreff, synleggjere aktivitet på digitale plattformer som Stad foreningsportal, frivillig.no og ungfrtid.no. Dei legg også til rette for dialog gjennom frivilligkeldar og andre samarbeidsarenaer. Dei gir også råd til dei som vil starte frivillig organisasjon eller har ein god ide til ein ny aktivitet eller ein møteplass.

Skapar gode møte mellom menneske!

Maria Helgesen, leiar for Selje frivilligsentral og Astrid Grete Torheim, leiar for Eid frivilligsentral, jobbar i tospenn om det frivillige arbeidet i Stad kommune.

Frivilligsentralane skaper sosiale møtestader og lårer ut universelt utforma lokale til andre som vil skape slike møtestader. Det vert særskilt satsa på:

- **aktivitet og fellesskap for eldre**
- **fleirkulturelle aktivitetar**
- **tiltak for inkludering av alle i aktivitet**

Døme på aktivitet som frivilligsentralane bidrar til er middagskjøring i regi av frivillige, møtestader, trening for eldre heimebuande, digihjelp, datastove, seniornett, språkkafear, nattevandring, Stadvenn, BUA Selje og BUA Eid, sosiale tiltak knytt til jul, sommarhjelppar og sommarmøteplassar for ungdom, lokal transport for ungdom, diverse konsertar, litteraturkveldar m.m.

Det er tiltaka i frivilligpolitisk plattform for Stad kommune 2022-2024 som er retningsgjevande for all tilrettelegging for frivilligheita i Stad. Ny frivilligpolitisk plattform skal vedtakast i 2024.



Etablering av frivilligråd er eit av tiltaka i frivilligpolitisk plattform som frivilligsentralane og kulturavdelinga arbeider med akkurat no.

Dugnad og frivillig arbeid er ein del av folkesjela i Stad kommune. Dette er viktig for at alle aldersgrupper kan etablere sosiale nettverk, delta i sosial aktivitet og kjenne at dei hører til og bidreg i sitt nærmiljø. På landsbasis viser frivilligbarometeret 2023 at heile 62% av befolkninga har gjort frivillig innsats dei siste 12 månadane. Dette er om lag på same nivå som før koronapandemien.

eid.frivilligsentral.no
selje.frivilligsentral.no
foreningsportalen.no



Vi har gode føresetnadar for
å skape ein trygg oppvekst,
god læring og helse
for alle

Oppvekst og opplæring



Harald Sivertsen,
kommunalsjef

“ Målet er at barn i Stad skal ha ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og ha kjensle av å høyre til

Ein trygg oppvekst

Kommunalområdet Oppvekst og opplæring arbeider for å gi barn i Stad kommune ein trygg oppvekst med gode levekår og tenester. Kommunalområdet har einingar for barnehage, grunnskule, barnevern og opplæring og integrering.

Kommunen har seks kommunale barnehagar, ein kombinert barnehage og barneskule, fire barneskular, to kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. I tillegg er to familiebarnehagar, tre barnehagar, ein barne- og ungdomsskule og ein barneskule drivne av private aktørar i kommunen.

Opplæring og integrering omfattar vaksenopplæringa, integreringstenesta og miljøteamet. Eininga arbeider med å ta imot, busetje, integrere, gi opplæring til og sysselsetje flyktningar saman med andre einingar i kommunen.

Oppvekstmiljøet skal vere inkluderande og fremje sosial kompetanse, tilhørsle og god helse. Tilpassa opplæring og ein meistringsorientert praksis er med på å fremje barn og unge si psykiske og fysiske helse. Dette er viktig for alle, uavhengig av funksjonsnivå, og skal prege utviklingsarbeidet i oppvekst og opplæring framover.

Gode barnehagar og skular er det viktigaste verkemiddelet vi har for å hjelpe barn og unge til gode liv. Grunnlag for trivsel og utvikling er gode leike- og læringsmiljø.

Barn og unge må oppleve meining i læringsaktivitetar. Dette skaper interesse og lyst til å arbeide vidare. Det gir indre driv og motivasjon til å lære meir. Engasjement og glede er viktige stikkord for å få til god læring.

Barnehagane, skulane og kulturskulen i kommunen bygjer på eit lærингssyn der barn og unge er aktive deltakrar i eiga læring gjennom samhandling med andre. Barn og unge må få høve til å reflektere over det dei opplever og erfarer. Dette krev at barnehage, skule, kulturskule og SFO møter barn og unge på deira eigne premissar, samstundes som opplæringa skal vere utfordrande og grensesprengande. Det viktigaste for dei tilsette vert derfor å sjå det enkelte barnet, og vurdere kva barnet treng.

Eigenarten til skulane og barnehagane i Stad kommune skal takast i vare. Barn, elevar, heimane og tilsette skal kjenne eigarskap til skulen og barnehagen sin, der det er rom for metodeval og lokale tilpassingar. Samtidig vert det arbeidd med felles rutinar og prosedyrar i skulane og barnehagane etter behov.

Samanhengande innsats

Det skal vere trygt og godt for barn og unge å vekse opp i Stad kommune. Kvardagen skal vere prega av varierte aktivitetar, fysisk aktivitet, sunt kosthald, medvit om eiga fysisk og psykisk helse, kropp og eigne og andre sine grenser. Alle einingane i oppvekst og opplæring skal gjennom dialog med brukarane, godt tverrfagleg samarbeid og treffsikre tiltak arbeide for å oppnå dette.



Stad kommune følgjer samhandlingsmodellen Betre Tverrfaglig Innsats (BTI) for å sikre gode førebyggjande tiltak for barn og unge som har det vanskeleg.

BTI-modellen skal hjelpe oss å gi rett hjelp til rett tid, og styrke den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot barn, unge og familiar det er knytt ei bekymring til.

Samhandlingsmodellen BTI skal også gjøre det enklare for barn og unge, og deg som innbyggjar å gi beskjed dersom du er bekymra for eit barn eller ein ungdom.

Les meir om BTI:
stad.betreinnsats.no





Kommunalområdet for oppvekst og opplæring har 17 einingar med om lag 278 årsverk.

Tilbod og tenester

Barnehage

Golvsegane barnehage
Gjerdane barnehage
Haugen barnehage
Stårheim barnehage
Selje barnehage
Flatraket barnehage
Leikvang barnehage

Skule

Hjelle skule
Nordfjordeid skule
Eid ungdomsskule
Haugen skule
Stårheim skule
Selje skule
Flatraket skule
Stadlandet skule

Opplæring og integrering

Barnevern

[Les om alle einingane,
tilbod og tenester](#)



“ Å kjenne seg inkludert og trygg
er viktig for å kunne meistre



Barnehage

Den viktige starten

I barnehageåra utviklar barn seg på alle område. Hjernen er særleg mottakeleg og sensitiv for stimulering og erfaringar. Det barna opplever desse åra har stor betydning for seinare utvikling.

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Barnehagar kan bidra til å redusere sosial ulikskap og kompensere for manglande støtte heime.



Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling.

I Stad kommune er det sju kommunale barnehagar fordelt på dei ulike tettstadane i kommunen. Totalt er det 111 barnehagelærarar, spesialpedagogar, fagarbeidarar og assistenter i barnehagane. Desse står på og gjer sitt ytste for at alle barna som veks opp skal få dei beste vilkåra for ein god start og ei god utvikling. Gjennom eit tett og godt samarbeid med foreldre og godt arbeidsmiljø blant personale, skapar dei gode dagar for barna!

Dei tilsette i barnehagane i Stad kommune samarbeider om å lage gode felles verktøy, planar og kompetansepakkar, med mål om felles kompetanse i tråd med rammeplan og Stad kommune sine verdiar.



“ Barna, og det å få vere ein viktig del av livet deira, er det beste med jobben i barnehagen. Vi opplever mykje glede, humor og latter kvar einaste dag



Barnehagen legg godt til rette for fysisk aktivitet både ute og inne. Klatreveggen i trapperommet mellom 1. og 2. etasje er ofte i bruk.



Golvsengane barnehage

Golvsengane barnehage ligg sentralt på Nordfjordeid og er den største av barnehagane i Stad kommune.

Barnehagen har åtte avdelingar, fire storbarns- og fire småbarnsavdelingar med totalt ca 140 born. Barnehagen har 45 tilsette fordelt på 41,7 stillingar.

Personalalet er godt utdanna, med 22 pedagogar og 21 fagarbeidarar i ein god miks av alder, kjønn og interesser. Barnehagen har eit stort og godt fagmiljø og er ein attraktiv plass for lærlingar og praksisstudentar.

Barnehagen er tufta på og jobbar alltid for at barna skal ha det best mogleg. Satsingsområda for barna er sosial kompetanse, språk og barns psykososiale miljø.

Dei tilsette skal gi barna omsorg, læring og medverke til at dei vert sosialt kompetente. Dei arbeider for at barna har trygge og føreseielege dagar i eit godt miljø og der kvart enkelt barn blir sett.

Visjon: I Golvsengane barnehage går små og store hand i hand!

Fakta om

Golvsengane barnehage

Nordfjordeid
45 tilsette / 41,7 årsverk
140 barn
8 avdelingar, 4 for små barn
og 4 for store barn



Øyvind Dypveit
Einingsleiar

Gjerdane barnehage

Gjerdane barnehage ligg tett på Eid sentrum og med kort veg til gode turområde for leik og utforsking. Barnehagen har 36 storbarnsplassar og 18 småbarnsplassar fordelt på fire avdelingar: Gullfisken 0-3 år, Harepusen 0-3 år, Sommarfuglen 2-6 år og Marihøna 2-6 år. Barnehagen er godt i gang med utbygging, og skal snart få plass til enda fleire små og store. Barnehagen har eit spanande og utfordrande uteområde som inviterer til motorisk utvikling og kreativ leik. Også uteområdet vil bli utvida i samband med utbygginga.

Barnehagen har ni pedagogar. Saman med seks fagarbeidrar og ein assistent utgjer dei tilsette i Gjerdane barnehage eit godt team for dei minste innbyggjarane våre. I tillegg er tre spesialpedagogar / logo-pedar tilsette i Gjerdane barnehage. Desse jobbar med barn i alle barnehagane i Stad kommune, både private og kommunale.

Barnehagen har fokus på likeverd, sosial kompetanse, språk, relasjonar og leik.



“ Kvart enkelt barn med sin unike personlegdom, oppvekst og bakgrunn skal møtast med kjærleik og respekt



Fakta om

Gjerdane barnehage

Nordfjordeid
19 tilsette / 17,2 årsverk
52 barn
4 avdelingar, 2 for små og 2 for store barn



Tove Hanebrekke
Starheimsvik

Einingsleiar

Å byggje, styrkje og vedlikehalde
relasjonar til barn, foreldre, og
kollegaer er avgjerande for at
alle skal ha det godt!

Haugen barnehage

Haugen barnehage held til i underetasjen i «gamleskulen» på Haugen skule, med eige uteområde for leik og moro. Barnehagen er ein del av oppvekstsenteret Haugen skule og barnehage.

Barnehagen har 18 plassar for barn i alderen 0-6 år, og tre tilsette; to barnehagelærarar og ein fagarbeidar.

Barnehagen er ein friluftsbarnehage og nyttar ofte nærområdet som læringsarena. Skulen ligg fint plassert med naturen tett på, og barna og tilsette er heldige som kan gå tur i skogen, på fjellet, til fjorden eller til Klenkarberget stadion når ein ønskjer aktivitetar i nærområdet. Barnehagen arrangerer gode måltid, og testar ofte ut gjærbakst i sitt eige «bakeri».

Barnehagen har tett samarbeid med skulen og ein arrangerer ofte aktivitetar i lag. Haugen barnehage skal vere ein god plass å vere for både små og store. Dei tilsette har stort fokus på leiken si rolle, og gjennom leiken ønskjer vi å legge til rette for at barna skal utvikle seg og byggje relasjonar til kvarandre, samt oppleve meistring og medbestemming i kvardagen.



Stårheim barnehage

Stårheim barnehage ligg i byggefeltet ved Myrøld på Stårheim. Barnehagen har 36 barnehageplassar og to avdelingar. Knerten er for dei yngste barna 0-3 år, og Humlebolet er for dei eldste barna 3-6 år. Barnehagen har fire pedagogar og fire fagarbeidrarar. Vi tek imot studentar, lærekandidatar og personar som treng arbeidstrening.

Barnehagen ligg i kort avstand til fruktgardar, fjord og fjell, og dette blir nytta til det fulle til å utforske nærmiljøet i all slags vêr.

Barnehagen har fokus på å skape gode dagar gjennom relasjonar, utforskarkrond, leik, meistring og språk.

Fakta om

Haugen skule og barnehage

Barnehage 0-6 år
Barneskule 1.-7. trinn
17 tilsette / 14,5 årsverk
14 barn i barnehage
76 elevar



Vivian Melheim
Einingsleiar

Fakta om

Stårheim barnehage

9 tilsette / 8,5 årsverk
36 barn
2 avdelingar fordelt
på små og store barn



Linda Balsnes
Einingsleiar

Selje barnehage

Selje barnehage ligg sentralt i sentrum av Selje og har eit mangfald av barn frå ulike land og kulturar. Barnehagen har tre avdelingar - Tyttebærtua, Blåklokka og Solsikka. Barnehagen har 53 barn og 16 tilsette. Dei tilsette utgjer eit godt fagmiljø med til saman fire pedagogiske leiarar, fem assistenter, fem fagarbeidrarar og ein barnehagelærar i tillegg til leiar.

Selje barnehage er ein «Livsgledebarnehage». Det betyr at barna og dei tilsette arbeider for at eldre skal ha ein god og meiningsfull kvardag. Ein livsgledebarnehage er med på å skape glade og meiningsfulle dagar for eldre i sitt nærmiljø. Dette gjer dei ved å besøke eldre på Seljetunet kvar fredag. Her gjer dei felles aktivitetar saman, og får oppleve at dei er meiningsfulle og til glede for kvarandre.

I Selje barnehagene skal det vere kjekt å vere liten – her blir barna alltid sett først. Dei skal få ein god barndom i barnehagen og tileigne seg verdiar som på lengre sikt vil vere grunnleggjande for å møte utfordringane i livet. Miljøet i barnehagen skal vere eigna til å gi sjølvtillit og oppleveling av meistring. Selje barnehage skal vere ein god stad å vere for barn, tilsette og foreldre.



“ I barnehagen vår er det viktig å møte undring og nysgjerrigkeit med glede, tid og openheit. Vi lyttar, leikar og skapar – kvar dag

– Eirin Hatlenes Jørgensen

Fakta om

Selje barnehage

16 tilsette / 13,6 årsverk

53 barn

3 avdelingar



Heidi Løvold

Einingsleiar



Flatraket barnehage

Flatraket barnehage ligg i bygda Flatraket vest i Stad kommune. Barnehagen ligg sentralt på Flatraket, med gangavstand til skule, bibliotek, eldretun, flyktningbustad, butikk, industri, gard, fotballbane og ein nydeleg natur med både skog og fjøre som er lett å nytte seg av til ulike aktivitetar. Barnehagen har også ein liten grønsakshage.

Barnehagen har to avdelingar; Larven med barn frå 0-3 år og Edderkoppen med barn frå 3-6 år, totalt 28 barn, med til saman ni tilsette er fordelt på dei to avdelingane. I tillegg til styrar har Flatraket barnehage tre pedagogar, fire fag arbeidrar og ein assistent.

Mottoet til barnehagen er: «Vi hjelpast åt». For dei tilsette er samarbeid og positiv innstilling nøkkelen til å få til det meste.

Flatraket barnehage ønskjer å vere ein barnehage der alle barn og vaksne trivast og får utvikle seg, og har fokus på at kvar dag skal vere prega av glede og humor.

Fakta om

Flatraket barnehage

9 tilsette / årsverk

28 barn

2 avdelingar



Helena Gangeskar Fure

Einingsleiar

Fakta om

Leikvang barnehage

Leikanger, Stadlandet

15 tilsette / 14,6 årsverk

60 barn

2 avdelingar fordelt
på små og store barn



Evy Hagen

Einingsleiar

Skule

For å skape gode læringsmiljø, må vi ha dyktige tilsette som jobbar aktivt for tryggleik, trivsel og læring. Dei tilsette i skulen treng god relasjonskompetanse og gode ferdigheter i klasseleiing. Gode læringsmiljø er positivt både for elevane si sosiale og personlege utvikling, og for å fremje undervisning og fagleg læring. Elevar som lykkast godt sosialt klarer seg ofte bra fagleg. Eit godt læringsmiljø gjer det lettare med individuell tilpassing som ein integrert del av fellesskapet. Kvalitet i undervisninga og godt læringsmiljø er avhengig av stabilitet i personalgruppa og involvering av føresette. Barn treng ein vaksenstyrt kvardag for å bli trygge og robuste både på skulen og heime. Dei treng vaksne som lyttar til dei og ser dei, samstundes som dei får utvikle seg i ei trygg ramme.

Barn treng ein
vaksenstyrt kvardag
for å bli trygge og robuste

Skulane i Stad har eit tett tverrfagleg samarbeid med helsejukepleiarar, PPT, barnevern og BUP, og samarbeider også tett med dei andre einingane i både oppvekst og opplæring og kultur og samfunn for å gi den enkelte ein trygg og god kvardag.

Skulane i Stad har faste møte der dei tilsette samarbeider om oppgåver, og der alle i leiargruppa har ansvar for system og planar som er felles, legg til rette for samarbeid mellom tilsette, og jobbar for å vere eit lag som dreg i same retning. Gjennom skuleåret har tilsette og elevar også fleire felles aktivitetar der dei møtast på tvers av skulane.

Nordfjordeid skule

Nordfjordeid skule ligg i sentrum av Nordfjordeid og er den største barneskulen i Stad kommune. Skulen har 312 elevar fordelt på 1.-7. trinn. Skulen er ein fleirkulturell skule med om lag 70 fleirspråklege elevar. Det er 53 tilsette i skule og SFO og dei tilsette er organiserte i team. SFO ved Nordfjordeid skule har 94 barn påmeldte.

Dei tilsette arbeider kvar dag for at alle elevane ved skulen skal trivast og tilhøyre fellesskapet. Skulen legg vekt på å lære god folkeskikk og høfleg framferd, og at alle skal ha respekt for kvarandre.

Lærarane ved skulen er positive til utvikling og arbeider tett saman for å finne gode løysingar. Teama har ansvar for å legge forholda best mogleg til rette for at både elevgrupper og einskildelevar har ein variert og lærerik kvardag. Skulen satsar spesielt på fysisk aktiv læring og inkluderande praksis. I samarbeid med Grøn integrering, er skulen godt i gang med å bygge ut skulehagen ved Nordfjordeid skule.





“ Vi vil gjere vårt beste
for at Nordfjordeid
skule skal vere ein
god stad å vere og
ein god stad å lære

Fakta om

Nordfjordeid skule

Barneskule 1.-7. kl.

16 klasser

312 elevar

70 fleirspråklege elevar

53 tilsette i skule og SFO

42,6 årsverk i skulen

og 2,4 i SFO



Anne-Grete Eikås

Einingsleiar / rektor



“

Ungdom
- litt større sko
og litt meir på
eigne bein

Eid ungdomsskule

Eid ungdomsskule ligg på Nordfjordeid i Stad kommune. Skulen har i år 272 elevar og 46 tilsette. Elevane som går på EUS kjem frå barneskulan Bryggja skule, Kjølsdalen Montessoriskule, Stårheim skule, Haugen skule, Nordfjordeid skule og Hjelle skule.

Eid ungdomsskule ønskjer å vere ein skule der elevar og lærarar har eit godt arbeidsmiljø, fokus på fagleg utvikling og høg trivsel.

Elevar og lærarar skal ha lyst til å ta til på skuledagen, og gå heim med ei kjensle av at dei har fått brukt evnene sine til det beste for seg sjølv og andre.

Skulen skal tilføre elevane haldningars og kompetanse som kan vare livet ut, og legge fundamentet for ny dugleik som trengst i eit samfunn i rask endring.

Dei 46 tilsette ved skulen består av lærarar, rådgjevarar, miljøterapeut, fagarbeidarar, merkantil og leiing.

Fakta om

Eid ungdomsskule

Ungdomsskule 8.-10. kl.

12 klassar - 4+4+4

46 tilsette / 34,6 årsverk

272 elevar

31 fleirspråklege elevar



Peder Felde

Einingsleiar / rektor

Hjelle skule

Hjelle skule ligg i Mogrenda, 5 km aust for Nordfjordeid sentrum. Med eit stort, variert uteområde og ein god gymsal er skuleanlegget ideelt for kjekk aktivitet både ute og inne. Skulen har 68 elevar på klassetrinna frå 1.-7. klasse, med 13 tilsette i skule og SFO. Skulen tilbyr SFO på 1.-4. trinn og leksehjelp på 3.-7. trinn.

Hjelle skule har fokus på basisfaga norsk, matematikk og engelsk gjennom systematisk kartlegging, vurdering og pedagogisk utviklingsarbeid. Gjennom bruk av PALS modellen jobbar dei tilsette aktivt for å skape eit trygt, positivt og støttande læringsmiljø.

Ved Hjelle skule deltek alle, både tilsette, elevar og førelse, aktivt i arbeidet mot mobbing slik at Hjelle skule skal vere ein trygg skule for alle.

Haugen skule

Haugen skule er lokalisert på Haugen, 5 kilometer vest for Nordfjordeid sentrum. Saman med Haugen barnehage er skulen ein del av oppvekstsenteret på Haugen. Haugen skule har 76 elevar på 1. til 7. trinn ved oppstart av skuleåret 2023 – 2024, Haugen barnehage har 14 barn i alderen 0 – 5 år for inne-verande barnehageår. Skulen tilbyr SFO på 1.-4. trinn og leksehjelp på 3.-7. trinn. Det er 17 tilsette ved eininga.

Haugen skule ligg fint plassert med naturen tett på, og barn og tilsette nyttar både skogen, fjellet, fjorden og Klenkarberget stadion aktivt som alternative arenaer for leik og læring.

Haugen skule har fokus på at alle skal få hove til å utvikle seg fagleg og sosialt, byggje gode relasjonar til kvarandre og opplever meistring og medbestemming i kvardagen. Vi har tilsette som er trygge vaksne som ser det einskilde barnet. Basisfaga norsk, matematikk og engelsk er satsingsområde. I tillegg til desse faga har skulen eit ekstra fokus på programmering.

Haugen skule og barnehage skal vere ein god stad å vere for både små og store.



Fakta om

Hjelle skule

Barneskule 1.-7. kl.
13 tilsette / 11,3 årsverk
68 elevar



**Sølvi Leivdal
Taklo**

Einingsleiar / rektor

Fakta om

Haugen skule og barnehage

Barnehage 0-6 år
Barneskule 1.-7. trinn
17 tilsette / 14,5 årsverk
14 barn i barnehage
76 elevar



Vivian Melheim
Einingsleiar / rektor

Stadlandet skule

Stadlandet skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule som ligg midt i bygda på Leikanger. Skulen har ein klasse på kvart av trinna 1.-10. og SFO for 1.-4. klasse.

Rundt skulen ligg aktivitets- og treningsløype, kunstgrasbane og ballbinge. Skulen ligg vakkert til med kort veg til fjell og fjøre, og desse områda blir svært mykje nytta i skuletida.

På hamna har elevane symjeundervisning. I nærleiken av hamna ligg det ei sandvolleybane, tennisbane, skatepark og på ein fjelltopp ikkje langt unna ligg ei flott, ny dagsturhytte.

Stadlandet skule er mykje nytta på ettermiddags- og kveldstid til song- og musikkøvingar, treningar, trim og møteverksemd. Stadlandet skyttarlag har også innandørs skytetrening i kjellaren.

Dei 31 tilsette jobbar under mottoet «Norges vestlegaste utdanningseventyr» og utgjer eit sterkt og godt lærarteam på til saman 18 årsverk.

Skulen arbeider for eit godt heim-skulesamarbeid, jobbar tett med lokalsamfunnet og har gode tradisjonar for felles dugnadsprosjekt til glede for elevane.

Stor glede å få vere
med å skape
robuste unge

Flatraket skule

Flatraket skule ligg midt i bygda på Flatraket og har om lag 44 elevar fordelt på 1.-7. trinn og 10 tilsette.

Skulen har eit unikt nærmiljø. Med både fjell, fjøre, sjø og skog tett på, blir dette flittig brukt både i undervisning, i sosial aktivitet og leik. Elevane har også ein ny og flott aktivitetspark med klatreløype, hinderløype, sklie og trampoline på skuleområdet.

Dei ti tilsette har eit tett og kjekt arbeidsmiljø, og kjenner kvarandre og den enkelte elev godt. Med god kultur for å hjelpe kvarandre, jobbar Flatraket skule tett med foreldre og lokalmiljøet for å ta i vare skulen som eit viktig knutepunkt i bygda.

Visjon

I vår skule tileignar eleven seg kunnskap og opplever meistring kvar dag - i eit inkluderande fellesskap der den enskilde kjenner seg sett og respektert.

Fakta om

Stadlandet skule

Barne- og ungdomsskule
1.-10. klasse
27 tilsette / 18 årsverk
118 elevar



**Stig E.
Ågedal-Mortensen**
Einingsleiar / rektor

Fakta om

Flatraket skule

Barneskule
1.-7. klasse
10 tilsette / 9,19 årsverk
44 elevar



**Marius Sjästad
Kongsvoll**
Einingsleiar / rektor



Ønskjer å gi barna kunnskap, ferdigheter og haldningar for å møte og meistre framtida

Stårheim skule

Stårheim skule er lokalisert sentralt på Stårheim, om lag 15 km vest for Nordfjordeid sentrum. Skulen har 55 elevar frå 1.-7. klasse samt SFO-tilbod. Skulen har ni tilsette.

Glede, samhald, undring og læring står sentralt i skulekvardagen. Dei tilsette har stort fokus på at kvar og ein av elevane skal oppleve trygge og gode skulekvardagar der alle trivast og høyrer til. Skulen arbeider for å gi elevane våre kunnskap, ferdigheter og haldningars slik at dei best mogleg kan møte og meistre framtida.

I 2020 stod Stårheimsparken klar. Dette er eit stort klatre- og leikeanlegg som skulen er veldig stolt av. Parken er eit resultat av godt arbeid mellom kommune og organisasjoner i bygda. Stårheimsparken legg til rette for både fysisk aktivitet og teoretisk læring og er ein viktig del av skulekvardagen for elevane.

Skulen har og eit godt samarbeid med korps og idrettslag som nyttar skulen og gymsalen på ettermiddag til øving og ulike aktivitetar.

Visjonen er - Stårheim skule - ein trygg stad å lære!



**Monica B.
Hellenes**

Einingsleiar / rektor

Stårheim skule

Barneskule 1.-7. kl.
9 tilsette / 8 årsverk
55 elevar



Selje skule

Barne- og ungdomsskule
1.-10. klasse
24 tilsette / 22,19 årsverk
145 elevar
(11 minoritetsspråklege)
20 på SFO



Ellen Rundereim
Einingsleiar / rektor

“

Med tryggleiken og
trivselen i «ryggsekken»
er mogleighetene for
læring og utvikling
nærast utan grenser!



Opplæring og integrering

Over 500 av innbyggjarane i Stad kommune har i dag bakgrunn som flyktningar. Desse kjem frå Ukraina, Syria, Eritrea, Somalia, Afghanistan, Kongo, Sudan, Etiopia, Sør-Sudan, Irak, Tyrkia, Sri-Lanka, Aserbajdsjan m.fl.

Opplæring og integrering arbeider med busetting, opplæring, integrering og sysselsetting av alle som kjem til Stad kommune som flyktningar, asylsøkjarar og innvandrare. Eininger har hovudbase i LA-bygget på Nordfjordeid, men tilbyr også vaksenopplæring i Selje og grunnskuleoppplæring for minoritetsspråkleg ungdom på Eid vidaregåande skule.

Opplæring for vaksne skjer som ein del av introduksjonsprogrammet som blir gitt med heimel i integreringslova. Introduksjonsprogrammet kan vare frå tre månader til fire år. Lengda er avhengig av kva utdanningsbakgrunn og kompetanse flyktningen har frå før. Hovuddelen av programmet består av opplæring i norsk og samfunnskunnskap og arbeids- eller utdanningsretta tiltak som t.d. praksis. Opplæring og tiltak blir konkretisert i individuell plan utarbeidd i fellesskap.

Å lukkast med integrering og sysselsetting krev ein stor felles innsats frå alle i Stad kommune. Ikke berre frå kommunen som organisasjon, men frå heile samfunnet i kommunen.

Utdanningsinstitusjonane er viktige for å kunne gje nødvendig opplæring. Ei tilpassa og koordinert fagopplæring i Nordfjord er viktig for utdanning og sysselsetting av vaksne, som igjen bidreg til integrering og utjamnar sosial ulikskap. Å legge til rette for deltaking og aktivitet også på fritida er viktig for å m.a. motverke utanforskning og segregering.



“ God start på nytt liv

Eininger er samansett av eit miljøteam som har ansvar for å legge til rette for alt det praktiske knytt til det å bu i eit nytt land. Alt frå å klargjere bustadar, gjere nødvendige innkjøp, ta imot dei nye som kjem og hjelpe dei å orientere seg i nærmiljøet. Miljøteamet samarbeider med barnehagar og skular og følgjer opp familiane slik at overgangen til det nyelivet vert så god som mogleg.

Tre programrådgjevarar har ansvar for å kartlegge, rettleie og følge opp deltakarane underveis i introduksjonsprogrammet. Målet er å gjere deltakarane klare for norsk arbeidsliv etter endt introduksjonsprogram. Vaksenopplæringa har tolv lærarar som underviser i norsk, samfunnskunnskap og grunnskule for vaksne.

Fakta om

22 årsverk

9 i integreringstenesta,
13 i vaksenopplæringa.
86 elevar i vaksenopplæring.

Adm.kontor og
klasserom på LA-bygget
på Nordfjordeid,
klasserom og kontor
på kommunehuset
i Selje og på Eid vgs.



**Gro Ellen
Nedreberg**

Einingsleiar

Barnevernslova § 1-1 – lovens formål:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid.
Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse.

Lova skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Barnevern

Barnets beste – barns rett til nødvendige barnevernstiltak

Barnevernslova gjeld for barn under 18 år, og i visse tilfelle til ungdom fyller 25 år.

Kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår og ha tiltak som forebygger at barn og unge vert utsett for omsorgsvikt eller utviklar åtferdsproblem. Tenestetilbodet skal samordnast, og kommunestyret skal vedta ein plan for kommunens førebyggande arbeid. Denne planen er innarbeidd i «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035». Dette er i tråd med barnevernsreforma/oppvekstreforma som trådde i kraft i 2022. Hovudmåla i reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, og ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Barnevernenstesta deltek i det førebyggande arbeidet gjennom blant anna tverrfaglege møter med ulike instansar, BTI-møte (betre tverrfagleg innsats), anonyme drøftingar, generell råd og rettleiing, samt «Foreldrerettleiing – snakke saman – vere saman» (Sjumilssteget).

Barnevernet skal vere ei hjelpeteneste, men lova opnar også for svært inngripande tvangstiltak. Etter å ha mottatt bekymringsmelding eller søknad og gjennomført undersøking knytt til barnet sin omsorgssituasjon, skal tenesta



vurdere om vilkåra for å yte hjelp etter barnevernslova er til stades, anten det er frivillige tiltak eller tvangstiltak. Eventuelle tvangstiltak skal handsamast og avgjerast i barneverns- og helsenemnda.

Barnevernet har kontor på Stad rådhus, men reiser og møter familiar og samarbeidspartar i heile kommunen. Utanom kontortid er tenesta pålagt å ha akuttberedskap for å handtere akutte situasjonar. Stad er vertskommune for felles beredskapsvakt med Gloppen og Stryn kommunar.

Fakta om

Barnevern

8 tilsette/7,5 årsverk
184 års erfaring, gjennomsnitt
23 år pr person!
Kontor på rådhuset,
Nordfjordeid



Britt Remme

Einingsleiar



Leiing, stab og støtte

Leiargruppa i Stad kommune er samansett av kommunedirektør, assisterende kommunedirektør, tre kommunalsjefar og tre stabsleiarar.

Sentraladministrasjonen omfattar leiargruppa og dei tre stabs- og støtteeiningane personal og kommunikasjon, strategi og samordning og økonomi. Sentraladministrasjonen har ansvaret for overordna planlegging og samfunnsutvikling, skal vareta dei overordna leiingsfunkjonane i organisasjonen, fellessystem og godt arbeids-

miljø for dei 32 einingane og over 1000 tilsette i kommunen. Ein viktig del av sentraladministrasjonen sine oppgåver er også å legge til rette for god politisk styring, god saksutgreiing og tilrettelegging av politiske møte i råd og utval.

Blant årsverka i sentraladministrasjonen er inkludert Stad eigedomsutvikling (1 årsverk), frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod (3,4 årsverk), IKT Nordfjord (2 årsverk) og Nordfjordrådet (1 årsverk).

- 
- Personal og kommunikasjon
 - Strategi og samordning
 - Økonomi

Personal og kommunikasjon

Personal og kommunikasjon har oppgåver knytte til styring og leiing, kjerneoppgåver i tenesteytinga og ulike stabs- og støttetenester. Eininga skal legge til rette for gode organisasjons- og personalprosessar, god dokumentforvaltning og god informasjon og kommunikasjon internt i organisasjonen og ut mot innbyggjarane.

Eininga skal medverke til å støtte organisasjonen i arbeidet med å omstille, effektivisere og nyskape, og legge til rette for at organisasjonen har gode og oppdaterte fag- og fellessystem. Stabseininga har viktige roller i endrings- og omstillingsarbeid, skal sikre at prosessar går rett føre seg og at vi har system og gode retningslinjer å arbeide etter.

Styring og leiing

Personal og kommunikasjon bidrar i arbeidet med økonomiplan, handlingsprogram og verksemddsstyring. Eininga har ansvar for å drive eit godt trepartssamarbeid, sikre lovpålagde drøftingar, utforme og utvikle ein overordna arbeidsgjevarpolitikk, kommunikasjonsstrategi og bidra til å planlegge og gjennomføre møtestader på tvers av einingane. Eininga har også oppgåver knytte til overordna beredskapsarbeid.

Eininga bidrar vidare til å greie ut politiske saker, planlegge og gjennomføre politiske møte inkludert å ferdigstille og offentleggjere sakslistar og protokollar på kommunen si heimeside.

God leiing og gode plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at Stad kommune skal kunne vareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Gjennom heilskapleg verksemdstyring skal kommunen sikre effektiv drift og gode tenester til innbyggjarane.



Arbeidsgjevarpolitikk, rekrytering og kompetanse

Stad kommune ønsker å være ein attraktiv kommune og arbeidsgjevar. Dette inneber at kommunen må ha ein framoverlent arbeidsgjevarpolitikk, vere profesjonell i tilsetningsprosessar, tilby god opplæring og utviklande arbeid på ei rekke fagfelt. Stad kommune har utfordningar med å rekrytere enkelte yrkesgrupper, og må heile vegen arbeide for å motivere eigne tilsette til å utdanne seg innan basiskompetanse. I tillegg ønsker kommunen at tilsette skal spesialisere seg i ulike retningar, for å auke kvaliteten på tenestene. Kommunen vil ha behov for å rekrytere ny kompetanse og nye tilsette i åra framover. Ein viktig strategi er å støtte opp om rekryteringsarbeidet i regi av Nordfjordakademiet og andre aktørar i samfunnet som arbeider med desentralisert utdanning lokalt.

HMS og arbeidsmiljø

Stad kommune har gode reglement, rutinar og prosedyrar innan helse, miljø og tryggleiksområdet. Desse legg grunnlaget for korleis vi ønsker at arbeidsmiljøet skal vere.

Vi arbeider for å redusere risiko for skader og ulukker, og arbeider aktivt med dei positive og helsefremjande faktorane i arbeidsmiljøet. Vi arbeider systematisk med å forankre rutinane i heile organisasjonen, utarbeide nye rutinar som skal inn i kvalitetssystemet og halde på ein etablert kultur der avvikshandtering ligg til grunn for forbettingsarbeid.

Det er ei utfordring at Stad kommune har høgt sjukefråvær. Dette er krevjande for organisasjonen og for tenestene som vert ytt. Framover vil det vere nødvendig å arbeide endå meir med å redusere sjukefråværet.



” Stad kommune ønsker
å vere ein attraktiv
kommune og arbeidsgjevar

Fakta om

Personal og kommunikasjon

17 tilsette / 16,2 årsverk
Einingshaugen har kontorstad
på Stad rådhus og
på kommunehuset
i Selje.



Ingunn Rotihaug

Einingsleiar

Stab og støtte

Verdas beste vesle stad

Personal og løn

Ein viktig del av økonomi- og verksemdstyringa er arbeidet med registrering og oppfølging av arbeidsavtaler, system for arbeidsplanlegging og arbeidstid, lønsutbetaling, sjukepengerefusjonar og lovpålagd rapportering til offentlege styrresmakter. Stad kommune er ein kompleks organisasjon med ulike arbeidstidsavtaler og regelverk for dei ulike fag- og yrkesgruppene og skal sikre at våre tilsette får rett løn til rett tid. Som verstsommune for NAV Nordfjord har eininga også ansvaret for å betale ut sosial stønad for dei fire samarbeidskommunane, i tillegg til fosterheimgodtgjersle, kvalifiseringsstønad, godgjersle til oppdragstakrar og politikarar. Eininger har ansvaret for all saksbehandling på personalområdet i organisasjonen.

Dokumentsenter, resepsjon og sentralbord

Personal og kommunikasjon har ansvaret for kommunen sitt centraliserte postmottak og arbeider for god, trygg og systematisk dokumentforvaltning, rask handtering av innsynsspørsmål og rask publisering av protokollar etter politiske møte. Vidare har eininga ansvaret for sentralbordet i Stad kommune, rettleiing i resepsjon i Stad rådhus og gjennomføring av kommunal vigsel.

Open og inkluderande kommune

Stad kommune sin kommunikasjon skal vere basert på kommunen sine verdiar - nær, raus, skapande og heilhjarta. Kommunikasjonen skal bidra til at innbyggjarane har kjennskap og tillit til kommunen sine samfunnsoppdrag, tenester og oppgåver. Innbyggjarane skal oppleve at det er mogeleg å orientere seg, involvere seg og delta i den politiske debatten. Stad kommune sin kommunikasjon skal også medverke til at medarbeidarane og folkevalde opplever at dei høyrer til i kommunen som organisasjon og arbeidsplass.



”

Kommunikasjonen skal bidra til at innbyggjarane har kjennskap og tillit til kommunen

Strategi og samordning

Stabseininga strategi og samordning har tverrfagleg kompetanse på oppvekst, folkehelse, planlegging, ikt og digitalisering. Strategi og samordning følgjer opp kommunen si overordna rolle som samfunnsutviklar og styrkar samarbeidet mellom kommune, næringsliv og frivil-

lige. Strategi og samordning bidreg i oppgåve-gjennomføring og koordinerer utviklingsarbeid innanfor alle kommunalområda. Stabseininga skal legge til rette for og medverke til sam-skapingsprosessar internt og eksternt.

Overordna planarbeid, rådgjeving, koordinering

Stad kommune skal legge til rette for at kommunen er ein attraktiv stad å bu, arbeide, drive næring og besøke. Det å medverke til felles forståing for kva som skal til for at samfunnet vårt skal utvikle seg i ønskt retning, er sentralt i strategi og samordning sitt arbeid. Stabseininga er pådrivar for at kommunen arbeider strategisk for å nå kommunen sine overordna mål.

Ansvaret for overordna samfunnsplanlegging i kommunen ligg i denne stabseininga. I tillegg til å leie og delta i ulike planarbeid og prosjekt, koordinerer eininga det interne planforumet, som er eit tverrfagleg team for planarbeid i kommunen. Planarbeidet er kommunen si plattform for samarbeid med andre aktørar i lokal-samfunnet og i regionen. Eininga skal bidra til gode prosessar for medverknad og sikre at planane blir brukte som styringsverktøy. Stra-


tegi og samordning har kompetanse på prosjektorganisering og tverrfagleg samarbeid som arbeidsmetodar i planarbeid og i anna utviklings- og forbettingsarbeid.

BTI - Betre tverrfagleg innsats (s. 53), bustadtteam (s. 43), sakhand-samarteam i helse og om-sorg (s. 8) og bulyst-team er døme på tverrfaglege team som skal arbeide saman for å gje betre og meir saumlause tilbod og tenester til innbyggjarane.



Samskapning, nærings og bulyst

Samfunnet har utfordringar som kommunen ikkje kan løyse åleine. Vi må derfor bruke ressursane i samfunnet betre og samarbeide på tvers av tradisjonelle skiljelinjer. Evna vår til å ta vare på kvarandre, bruke styrkane, eigenarta og krafta i fellesskapet vårt er viktig for å bygge eit godt samfunn og liv for alle innbyggjarane. Tilsette i strategi og samordning arbeider med å utforske metoden samskapning, der vi saman med innbyggjarar og næringsliv tenkjer nytt rundt kva oppgåver vi skal løyse, korleis vi skal løyse dei og kven som skal vere med på å løyse dei. I tett samarbeid med lokale aktørar og innbyggjarar har kommunen dei seinare åra gjennomført fleire målretta tiltak.



Folkehelse

Stad kommune utviklar overordna styringsverktøy for å fremje helse i samfunnet. Kunnskap om utfordringar, årsakskjeder, utvikling over tid og dagens situasjon, gir grunnlag for å ta dei riktige vala på kort og lang sikt. God folkehelse er avgjerande for den enkelte og for samfunnet. Tilsette i strategi og samordning arbeider systematisk for at innbyggjarane i Stad skal ha god livskvalitet og kan vere aktørar i eigne liv.

IKT og digitalisering

Tryggleksarbeid knytt til IKT er svært viktig, og strategi og samordning har ansvaret for dette. Eininga samarbeider med aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt. Stad kommune er med i digital omstilling på ein aktiv og trygg måte. IKT-teamet er pådrivar for å optimalisere dei teknologiske løysingane som kommunen investerer i, og teamet er ei drivkraft for digitaliseringsprosessar i kommunen. IKT-teamet i Stad er kommunen sitt bindeledd i samarbeidet med Nordfjordnett og IKT-Nordfjord.



Med fokus på samfunnsutvikling, samskapning og tverrfagleg samarbeid

Fakta om

Strategi og samordning

20 tilsette / 16, 5 årsverk
Eininga har kontorstad på Stad rådhus og i kommunehuset/Selje



**Kristin Otneim
Aarnes**

Einingsleiar

Tre tilsette i Nordfjordnett og Nordfjordrådet er medrekna i faste stillingar i strategi og samordning.

Økonomi

Stabseining økonomi har ansvar for mellom anna budsjett og økonomiplan, årsrapportar, rekneskap, fakturering, innkrevjing og finansforvaltning og er ein sentral støttefunksjon for kommunalområda og einingane i kommunen.

Eininga for økonomi har 7,8 årsverk fordelt på 10 tilsette. Økonomi har overordna ansvar for disse hovudfunksjonane:

- Årsbudsjett og økonomiplan
- Rekneskap for kommunen, kommunale føretak og kyrkjeleg fellesråd
- Månads-, tertial- og årsrapportering
- Eigedomsskatt
- Kommunale avgifter
- Eigenbetalingsvedtak for helse- og omsorgstenester
- Fakturagrunnlag og fakturering
- Innkrevjing
- Finansforvaltning og gjeldsforvaltning
- Systemkoordinering av programvare på økonomi- og lønsområdet, inkl. integrasjon til/frå fagprogram
- Kontrollerfunksjon mot alle område/system med beløpstransaksjonar
- Dagleg bistand til heile organisasjonen



Fakta om

Økonomi

10 tilsette /7,8 årsverk
Eininga har kontorstad
på Stad rådhus.



Ole Starheim
Einingsleiar



Ønskjer du meir informasjon om tenestene i Stad kommune finn du dette på våre nettsider **www.stad.kommune.no**

Har du spørsmål er du velkommen til å ta kontakt med våre einingar ved å sende e-post til **post@stad.kommune.no**

På Stad kommune sine nettsider finn du også informasjon om planar, planprosesser og prosjekt kommunen arbeider med. Her kan du sjå politiske møte på nett, møtekalender, orientere deg om kva saker som blir behandla og korleis du kan påverke politikken i Stad.

Følg oss på Facebook



facebook.com/stadkommune



Følg oss på Instagram



instagram.com/stadkommune



Stad rådhus

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Opningstid:

Måndag-fredag kl. 08.00-15.30

Selje kommunehus

Nabben 80, 6740 Selje

Opningstid:

Måndag-fredag kl. 09.00-15.30

Telefon

+47 57 88 58 00

Telefontid:

Måndag-fredag kl. 09.00-15.00



hjartestad.no



Lyst å jobbe i Stad kommune?

Kommunen er stadig på jakt etter ny kompetanse og nye medarbeidrarar! Sjekk ut våre ledige stillingar:



Informasjonsmagasin

STAD
.



Stad kommune

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Tel: 57 88 58 00

E-post: post@stad.kommune.no